# Drømmen om misjonale fellesskap



Velkommen til

# REGIONKONFERANSEN 2024

Salem Konferansesenter 26.–28. april

# Regionkonferansen 2024

## Drømmen om misjonale fellesskap

**Dato: 26.-28. april 2024**
**Sted: Salem Konferansesenter, Bergen**

### Fredag

19:00: Kveldsmøte: "Sammen om oppdraget"
Tale v/Christian Løkhammer
Sosialt etter møtet

### Lørdag

9:30: Morgenbønn i undervisningsrommet
10:00: Morgenmøte: "Kalt til disippelskap"
Tale v/Chelsea Ree
11:50: Seminarbolk I: "Misjonale fellesskap til verden" v/Rolf Kjøde
12:40: Felles lunsj
13:40: Seminarbolk II: "Misjonale fellesskap til Norge" v/Jarleif Gaustad
15:00: Årsmøte
18:00: Middag
19:30: Kveldsmøte: "Den lokale kirke er verdens håp" Tale v/Jarleif Gaustad

### Søndag

10:30: Morgenbønn i undervisningsrommet
11:00: Regiongudstjeneste m/Barnekirke
"Guds Ord har fremgang"
Tale v/Fredrik Ree

Lovsangsledere under regionkonferansen er Håkon Ree og Ole Magnus Strand med band







Bidragsytere




**Påmelding lørdag: nlm.no/vest/regionkonferanse**

# Barne- og ungdoms-konferansen 2024



Lørdag blir det et lite lotteri til inntekt for UngGlobal

### Fredag

19:00 - Kveldsmøte
Sosialt etter møtet

### Lørdag

10:00 Morgenmøte: Felles start
10:30 Gruppesamlinger, lek og utlodning
12:40 Felles lunsj
13:40 Aktiviteter
18:00 Middag
19:30 Kveldsmøte

### Søndag

11:00 Regiongudstjeneste m/barnekirke





### Aktiviteter for barna lørdag

0-3: Lekekrok (foreldre har selv ansvaret)
3-6 år: Akvariet
1.-4. kl: Rush eller Akvariet
5.-8. kl: AdO arena eller Megazone
8.-10. kl: AdO arena eller Megazone



**Alle påmeldte vil få mer informasjon på e-post i uken før konferansen**

Ansatte i barne- og ungdomsarbeidet i regionen er ledere for barne- og ungdoms-konferansen

## Påmelding: nlm.no/vest/regionkonferanse

**Påmeldingsfrist til aktiviteter: onsdag 17. april**

# INNHALD

s. 2 Program mm for Regionkonferansen
s. 3 Barne- og ungdomskonferansen laurdag
s. 4 Sakliste
s. 5 Årsmelding for Misjonssambandet vest
s. 10 Årsmelding frå barne- og ungdomsarbeidet
s. 15 Rekneskapsrapport
s. 17 Kandidatar til regionstyret
s. 18 Kandidatar til barne- og ungdomsrådet
s. 19 Kandidatar til valnemnd
s. 20 Lov for Misjonssambandet vest
s. 24 Årsmeldingar frå leirplassar
s. 29 Årsmeldingar frå områda
s. 35 Årsmeldingar frå misjonsforsamlingane
s. 48 Årsmeldingar frå skulane
s. 55 Årsmeldingar frå andre institusjonar
s. 62 Arrangementsoversikt

# SAKLISTE

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Konstituering

a) Val av ordstyrar
b) Val av referent
c) Val av to protokollunderskrivarar
d) Val av teljekorps

Sak 3 Årsmelding

Sak 4 Rekneskap

Sak 5 Val av medlemmer til:

- Regionstyret
- Barne- og ungdomsrådet (BUR)
- Valnemnd

Sak 6 Lov for Misjonssambandet vest – godkjenning av endring *)

Sak 7 Regionen sin handlingsplan - til orientering (sjå eige vedlegg!)

Sak 8 Samtale om arbeidet

*) Som følge av at generalforsamlinga 2022 vedtok grunnregelendringar for å tydeleggjere ei åndeleg tilsynslinje i organisasjonen, utarbeida hovudstyret nye normallover som framlagt lovforslag er bygd på.

# ÅRSMELDING FOR
# MISJONSSAMBANDET VEST 2023

## HANDLINGSPLAN OG NY LOV FOR REGION VEST

I læra om måloppnåing er to punkt særskilt viktige, det er kvar vi er i dag og kvar målet er. Målet vårt er «Verden for Kristus». Årsmeldinga her kan gje oss ein peikepinn på kvar me er i dag.

Ein vegretning mot målet er freista utmeisla i strategiplanen vedteken på GF 2022. Denne retninga er no konkretisert i ein handlingsplan for region vest, som er lagd ved innkallinga til årsmøtet.

Nye grunnreglar vedtekne på GF 2022 har medført at lovene hjå oss må endrast. Forslag til ny lov for region vest vert framlagt på årsmøtet for godkjenning no etter at den er konsultert med hovudstyret sin administrasjon.

## MØTER OG ARRANGEMENT I 2023, UNNATEKE ARBEIDET I UNGAVDELING

Forkynning av Guds ord har vore ein heilt sentral del av arbeidet i regionen også i 2023, enten temabasert eller bibeltekst-basert. Me var også i 2023 tiltrudde forvaltaransvaret for at fleire skulle få høyre og kome til tru. Me har i samsvar med lover for NLM Region vest arbeidd for å vinne menneske for Kristus, nære og styrke kristenlivet, og formidle misjonskall og tenesteglede til nye generasjonar. For å nå dette har me sett primært fokus på:

1. forkynne Guds Ord til vekking, omvending og frelse, og legge til rette for systematisk bibelundervisning slik at dei som er kristne kan vite kva dei trur på, få konkret hjelp til å leve som kristne i kvardagen og bli utfordra til å delta i ei aktiv teneste for misjonen.
2. vekke og kalle til ansvar for ytremisjon.
3. byggje ut og styrke foreinings- og forsamlingsarbeidet, slik at det kan vere ein åndeleg heim der dei truande får vekse seg trygge i tenesta og på den måten bli ein base for det øvrige arbeidet i Noreg og på misjonsfelta.
4. vekke, veilede og ta i bruk nådegåver som Gud gjev.

Her er ei oversikt over denne møteaktiviteten i 2023. Tal for 2022 står i ( ).

| **Totalt i 2023** | **Planlagt** | **Avlyst** | **Gjennomført** |
|---|---|---|---|
| Møteveker | 14 (14) | 0 (0) | 14 (14) |
| Møtehelg el. halve veker | 22 (16) | 0 (1) | 22 (15) |
| Eitt/to møter | 220 (230) | 3 (5) | 217 (225) |

Både løna og frivillige forkynnarar inngår i oversikta.

Alle som år etter år trufast har misjonsmøte og foreiningsmøte der dei ber for og gjev til misjonsarbeidet, fyller oss med takksemd.

## BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET
Sjå eiga årsmelding av barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest.

## MISJONSFELLESSKAP – VAKSENLAG

| År | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Andre misjonsfellesskap | 4 | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Forsamling | 11 | 11 | 10 | 10 | 10 | 6 |
| Smågrupper | 107 | 108 | 108 | 107 | 106 | 105 |
| **Totalt vaksenlag** | **122** | **121** | **120** | **119** | **118** | **113** |

## MISJONSFELLESSKAP – UNGLAG

| År | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **Totalt lag i UNG** | **87** | **100** | **98** |

(Pga. endra kategorisering av ung-lagene, er ikke flere år tilbake tatt med.)

## MISJONSFELLESSKAP – VAKSENLAG + UNGLAG

| År | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **Totalt lag VAKSEN + UNG** | **209** | **221** | **218** |

## NLM-KONTAKTAR

| År | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| NLM-kontaktar | 74 | 77 | 80 | 83 | 85 | 98 |

## FORSAMLING (sjå vedlagde eigne forkorta årsmeldingar)
Vi har 11 forsamlingar, seks av desse er og innmelde i ImF. Vi er audmjuke og takksame for arbeidet som vert drive i desse forsamlingane. Attpåtil har vi så synlege resultat i 2023 med tosifra tal menneske som har kome til tru, og det å vere del av eit fellesskap er med på å bevare oss i trua. Her kjem orda i Salme 118 vers 23 til sin rett: *«Herren har gjort det, i våre augo er det eit under.»*

### Eigne forsamlingar:
**Salem Misjonskirke** hadde 4 tilsette ved utgangen av 2023 i til saman 3,1 årsverk. Her er det meldt om 7 personar som har kome til tru gjennom ungdomsarbeidet.
**Askøy Misjonsforsamling** hadde i 2023 barne- og ungdomsarbeidar i 0,3 årsverk.
**Tremorkirken** hadde 6 tilsette ved utgangen av 2023 i til saman 2,7 årsverk. Av desse var til saman 0,7 årsverk i permisjon, slik at det var 2,0 årsverk i arbeid. Her er det meldt om 5 personar som har kome til tru.
**Logoskirken** på Nesttun i Fana har pastor i 0,8 årsverk, lønna gjennom ImF.

**Sunnfjord Misjonsforsamling** held til på Hellenes i Førde og var i 2023 utan tilsette.
**Luster familiemøte** i Gaupne har også drive med kun frivillige. Dei byggjer for tida på bede-huset sitt. Områdearbeider i Sogn og Fjordane, Trond Kråvik, har fylgt opp begge forsamlingane.

## Forsamlingar saman med ImF:

**Samnanger Misjonsforsamling** held til i Tysse i Samnanger og har 2 bedehus. Dei er utan tilsette. **Vik bedehusforsamling** (Øygarden), **Heimly forsamling** (Mjølkeråen, Åsane) og **Osterøy Misjonsforsamling** har heller ikkje tilsette. **Knarvik Misjonshus** vart i 2023 også drive utan tilsette.

## SMÅGRUPPER

Dette er til dømes bibel- og misjonsgrupper, familieforeiningar, kvinne- og manns-foreiningar.

## NLM-KONTAKTAR

Dette er kontaktar for bedehus / forsamlingshus i dei ulike områda i regionen.
Me har 11 område i 2023, der fleire står utan styre.

I sum er det mange frivillige som held arbeidet i gang i dei ulike misjonsfellesskapa. Alle desse er avgjerande for aktiviteten dei ulike stadane. Uvurderleg for drifta er også all forbøn og gåver både i form av kollekt og fast gjevarteneste. Utan at folk bidreg med arbeidsinnsats, pengar og bøn, har ikkje misjonsfellesskapa noko grunnlag for drift.

## UTSENDINGANE

Hovudmålsetjinga til Misjonssambandet er verda for Kristus. Ved utgangen av 2023 hadde me 114 misjonærar, eittåringar medrekna, som tilsette i det internasjonale arbeidet. 22 av dei med tilknyting til region vest. Dette er me veldig glade for. Hugs at alle utsendingane våre treng forbøn, også borna.

Samtidig har me framover behov for stadig fleire. Økonomien set diverre eit tak på tal, men me ynskjer å rekruttere fortløpande slik at me kan halde oppe det talet me har i dag. Det er også svært gledeleg at me ser at mange tek kontakt for å spørja om framtidig teneste ute eller ynskjer å reise ut no.

## INSTITUSJONANE (sjå vedlagde eigne forkorta årsmeldingar)

Kvar dag blir det gjort ein viktig jobb som utgjer ein skilnad, både for samfunnet og for enkeltmenneske, i dei mange institusjonane Misjonssambandet eig og er medeigar i. Regionstyret vil takka alle dei tilsette for at dei har valt å arbeide for oss. Me er stolte av dykk. Takk og til dykk som på ulike måtar syner kva det vil seia å vera ein kristen i kvardagen. Det er meldt om ungdomar både på Sygna vgs og på Kongshaug musikkgymnas som har kome til tru.

I 2023 hadde me 10 barnehagar (sju heil- og tre deleigde) i regionen vår, og i tillegg hadde me tre leirplassar: Sætervika og Skilbrei som heileigde og Lyngmo som deleigd.
Me har og to skular: Kongshaug musikkgymnas og Sygna vgs. Sist og ikkje minst er me medeigarar i pTro, Salem Nærmiljøsenter, Danielsen-skulane og NLA-høgskulen.

Styreansvar for desse institusjonane er og ei viktig oppgåve. Takk til deg som har teke på deg også denne tenesta.

## GJENBRUKSBUTIKKANE

Gjenbruken har lagt bak seg eit nytt rekordår. Misjonssambandet har i 2023 eit utbytte på ca 48 millionar frå alle butikkane. Dette går til ulike prosjekt over heile verda.

Butikken vår på Askøy bidrog med 0,64 millionar, etter at driftskostnader på 1,17 millionar var trekte frå. Butikken vår på Haukeland (Bergen) bidrog med 1,28 millionar etter at drifts-kostnader på 1,13 millionar var trekte frå. Samla bidrag frå desse er 1,9 millionar, som er 0,29 millionar meir enn i 2022.

Kle, tekstilar og nips står for meir enn 60 % av salet.

No ynskjer Gjenbruken også å setja endå større fokus på butikken som diakonal møteplass. Det er i 2023 vedteke å starte ny butikk i Balestrand i 2024, og å flytte Gjenbruken Bergen til Åsane.

Takk til alle dykk som står på i butikkane våre.

## ØKONOMIEN

Gåveinntektene i region vest gjekk i 2023 ned med omlag 1,5 millionar frå 15,6 millionar i 2022 til 14,1 millionar i 2023.

Regionbidraget, altså det vi kunne sende frå oss til hovudkassa etter at utgiftene i regionen var betalt, var på 3,6 millionar, som er omlag 2,3 millionar mindre enn året før. Ved hjelp av dei to gjenbruksbutikkane våre, auka det samla regionbidraget i 2023 til nærare 5,5 millionar.

Ved utgangen av 2023 hadde regionen 972 faste gjevarar. Totalsummen for fast gjevar-teneste for privatpersonar busett i regionen er om lag 190.000 høgare enn i 2022. Flest faste gjevarar finn me i aldersgruppa 30-40 år, og dernest følgjer dei mellom 60 og 70 år. Kan det vise seg her å vere eit handlingsrom til å auke inntekter, og dermed aktivitet?

Takk til deg som kjenner på kallet til å nå vidare ut med evangeliet både nasjonalt og internasjonalt, og som er med og investerer i Guds rike gjennom gjevartenesta.

Testamentariske gåver i heile Misjonssambandet enda på 18 millionar i 2023.
I region vest har me motteke kr 10.000 i testamentariske gåver dette året.

## TILSETTE

Vi har hatt 31 tilsette medarbeidarar i region vest, der fleire har mindre stillingsprosentar. I ein så stor arbeidarflokk er det alltid nokre endringar. Vi ynskjer å takka Per Byrknes, Arve Grøvan Walde, Andreas Skjelde og Vivian Rosvoll for tenestene dei fekk ha i regionen, og ynskjer velkomen Debbie Eikum og Olav Rune Skutlaberg som nye medarbeidarar.

Det har og vore litt endringar i stillingsprosent for nokre av dei som arbeider i regionen.

## ARBEIDARSAMLING

Her var dei tilsette i regionen samla til bibel- og temasamlingar, bøn og lovsong og til sosialt samvær. Me hadde med oss fleire gjester.

## INSPIRASJONSHELG OG REGIONÅRSMØTE

Fredag 21. april var det ungdomsmøte med Anette Fredly i Sætervika med to parallelle seminar – eit om *heimen, ein stad å dele tru* med Margareth Engås og eit om *berekraftig livsstil* med Bjarte Rydland.

Laurdag var vi på Framnes vgs. Det starta med bøn og lovsong før storsamling der Anette Fredly hadde andakt. Etter årsmøtet var det kveldssamling med Ingebjørg Martinussen som hovudgjest. Borna hadde tilbod om eige program kl. 10-16.
Det var registrert 84 røysteføre. 80 av desse røysta.

## REGIONSTYRET

Fylgjande vart valde til regionstyret for to år: Elin J. Ulveseth Minde og Nils Helge Friborg. Frå før sat Kurt Arild Ohma, Steven Kristoffer Rob og Solveig Ruud. Regionstyret konstituerte seg med Steven Kristoffer Rob som leiar og Kurt Arild Ohma som nestleiar.

Vararepresentantar vart Olav Rune Skutlaberg, Helge Magnus T. Vatnedalen og Hans Einar Markhus i denne rekkjefylgja.
Helge Magnus rykte opp i Olav Rune sin stad som 1. vara og Hans Einar som 2. vara i samband med at Olav Rune vart tilsett som regionleiar frå 01.09.2023.
I 2023 har regionstyret hatt 12 møte, herav åtte fysiske møte, tre nettmøte og eitt e-post-møte. 91 saker er handsama.

## HEIMLOV

Regionkontoret har fått melding om følgjande misjonsvener som har fått heimlov i 2023: Nelly Sture, Erik Henjum, Solveig Grimsbø, Turid Kjølen, Ruth Sivertsen, Marit Skrenes, Jakob Flaten, Nella Vikøren, Johannes I. Tysse. Me lyser fred over deira minne.

## TAKK – OG ORD PÅ VEGEN

Vi takkar alle frivillige og tilsette for trufast innsats i året som er gått og helsar med 1 Kor 13.13:
*«Men no vert dei ståande desse tre: tru, von og kjærleik. Men størst av dei er kjærleiken.»*

Trua skaffar deg himmelbillett, då er du berga. Håpet kviler på trua, og den bind usynlege band mellom deg til Himmelen. Agape-kjærleiken, som er størst av desse tre, ber i seg både trua og håpet, men den har ein annan retning. Den driv deg i retning av din neste, dei unådde, dei ufrelste. Lukkeleg er du som får bere den med deg. Vi ser den i Hosea 11.8:
*«Korleis kan eg gje deg opp, Efra'im? Korleis kan eg la deg fara, Israel? Korleis kan eg gje deg opp som Adma, gjera med deg som Sebo'im? Hjarta mitt vender seg i meg, all min*

*medynk vaknar.»* Dei unådde fjernt og nær er og medarvingar. Misjon er dei brennande hjarto si sak.

Takk for at nettopp du står med. Signe tenesta for Gud og din neste i kvardag og helg.

*Steven Kristoffer Rob (leiar), Kurt Arild Ohma (nestleiar), Elin J. Ulveseth Minde, Nils Helge Friborg, Solveig Ruud, Helge Magnus Vatnedalen, Hans Einar Markhus, Olav Rune Skutlaberg (regionleiar)*

## ÅRSMELDING

# BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET

## I MISJONSSAMBANDET VEST 2023

Da er det igjen tid for å skrive årsmelding, og vi ser tilbake på et år med mange kjekke leirer, møter mellom mennesker, aktiviteter i de lokale lagene, ledertrening og mye mer.

**Lagsarbeidet** er en av grunnpilarene i arbeidet vårt. Hvert år er det noen barne- og ungdomslag som blir opprettet og noen som bli nedlagt. De fleste av disse endringene skjer i forsamlingene. I løpet av 2023 ser vi en nedgang i totale antall lag, men tar vi vekk endringer knyttet til de største forsamlingene, er det stabilt.

De aller fleste lagene drives på ren frivillig innsats, og vi takker alle som lager fellesskap, driver trosopplæring og er med på å nå barn og unge i sitt nærmiljø og i sine forsamlinger med evangeliet om Jesus.

De ansatte i ungavdelingen har reist rundt på besøk til de lagene som har ønsket det og bidratt med andakt, misjonsinformasjon og aktiviteter. De har også invitert til leir, og vi ser fordelene med at barna kjenner de ansatte når de kommer på leir. En del lag har også ledere som reiser sammen med barn fra sitt lokale arbeid.

| **Lagsoversikt** | **2023** | **2022** | **2021** |
|---|---|---|---|
| UNG: Barnelag | 29 | 27 | 27 |
| UNG: Barne- og ungdomslag | 6 | 13 | 14 |
| UNG: Ungdomslag | 6 | 2 | 1 |
| UNG: Smågrupper | 46 | 58 | 56 |
| *Totalt for UNG-lag* | *87* | *100* | *98* |

(Pga. endret kategorisering av lag, er ikke flere år tilbake tatt med.)

**Forsamlingene** i regionen driver et stort barne-, ungdoms- og familiearbeid. De har søndags-skole, bibelgrupper, temakvelder, leirer og aktiviteter tilpasset de forskjellige aldersgruppene. Flere av forsamlingene har dåp og konfirmasjon som en del av sitt tilbud. Vi ser et økende behov for ansattressurser i forsamlingene, også inn mot barne- og familiearbeidet.

**Leirdeltakelsen** viser en stigende trend etter nedgang rett før og under korona. Vi har fremdeles noe å gå på før vi er tilbake på de regionale leirdeltakertallene vi hadde for ti år siden, samtidig som vi nå i større grad har forsamlinger som arrangerer egne leirer med mange hundre deltakere per år. De fleste leirene har noe ledig plass, og vi jobber med å fylle leirene enda bedre opp, både for at flere kan få glede av arrangementene og med tanke på at leirene skal gå mer i balanse.
Leir er en viktig ledertreningsarena og vi har mange unge som får prøve seg som ledere på leir. Etter hvert som de modnes og bygger seg opp erfaring, blir de utfordret på å dele vitnesbyrd, ha andakter og lede aktiviteter. På Lyngmo og i Sætervika er det egne leder-samlinger for de yngste lederne, dette ønsker vi også å få til på Skilbrei i 2024.

Det er mange som er engasjert i leirarbeidet; ledere, foreldre, bønnevakter, kjøkkenhjelper og leirstedenes støttespillere.

| | **2023** | **2022** | **2021** | **2020** | **2019** | **2018** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sætervika | 443 | 329 | 255 | 201 | 358 | 510 |
| Lyngmo | 428 | 448 | 183 | 235 | 539 | 528 |
| Skilbrei | 205 | 203 | 138 | 147 | 201 | 216 |
| Tabu | 42 | 83 | 59 | 56 | 91 | 117 |
| Tabu + | | 8 | 8 | 6 | 20 | 20 |
| UL Online | | - | 90 | 109 | - | - |
| UL Fellesreise | | 60 | - | - | | |
| SommerTreff Sygna | 68 | 55 | 58 | | | |
| Ung:Disippel | 123 | | | | | |
| **Totalt** | **1309** | **1186** | **791** | **754** | **1209** | **1391** |

*Leirstatistikk:* Tallene i tabellen viser antall deltakere på de ulike leirene sammenlagt per leirsted.

I tillegg til de 1309 deltakerne vi har hatt med på leir, har vi hatt hundrevis av ledere i sving på de ulike leirene.

**Ung:Disippel** er et regionalt ledertreningsprogram som går over tre år og starter med konfirmasjonstiden. Trinnene følger skoleåret og er delt inn i gruppene Ung:Konfirmant, Ung:Etterfølger og Ung:Leder. Vi har bygget opp dette konseptet de siste årene, og høsten 23 ble første runde med tre trinn. Ung:Disippel blir gjennomført over fire helger per år. Da er det trinnvis undervisning og dessuten felles møter, aktiviteter, smågrupper og mye annet gøy på programmet.

**SommerTreff Sygna** ble arrangert i juni for tredje år på rad. Vi hadde en liten oppgang i deltakertall og fikk fantastiske dager med temaet «Sanning». Aktiviteter, møter, lovsang og fellesskap preget dagene.

**UL** ble arrangert i IMI Forum i Stavanger, og mange ungdommer fra Misjonssambandet vest tok turen som både deltakere og ledere. Nytt av året var UL+, et konsept rettet mot deltakere over 22 år.

**Gamingkveldene** vi startet opp med på Askøy i 2022, er blitt godt etablert og vi hadde to samlinger per semester i 2023. På disse kveldene samles både ungdom fra Askøy og regionen ellers.

**Regionårsmøtet** i april ble gjennomført med samlinger i Sætervika fredag kveld, muligheter for overnatting der og program på Framnes vgs lørdagen. Vi ønsker et regionalt møtepunkt som også når de nye generasjonene, og startet høsten 2023 en prosess med å fornye regionårsmøtehelgen og arbeide frem en konferanse som når bredere ut.

**Institusjonene** i Misjonssambandet vest gir oss en unik kontaktflate til barn og unge vi ellers ikke ville kommet i berøring med. Vi har ti hel- eller deleide barnehager tilknyttet NLM Barnehagene AS, to videregående internatskoler (Kongshaug og Sygna), seks Danielsen skoler drevet sammen med ImF og NLA Høgskolen som har flere eiere. Den viktigste trosformidlingen skjer i det daglige arbeidet på hvert enkelt sted, men vi i ungavdelingen ønsker å være med og styrke dette arbeidet gjennom samarbeid med de ulike enhetene.

**Frivilligfest** ble arrangert i Salem Konferansesenter i september for å feire og takke alle som er egnasjerte og investerer tid og ressurser i arbeidet.

**Sosiale medier** er en stor del av de unges hverdag og vi ønsker å være synlige på nett. I 2023 brukte vi kanalen *misjonssambandetvestung* på Instagram til å fortelle om leirer og arrangement, misjonsinfo, inspirere til bibelglede og vise ulike deler av arbeidet gjennom bilder og ungdommer som gjester kanalen. Hver måned settes det opp et tema som går igjen som en rød tråd i det som publiseres.

**Barnas Misjonsprosjekt** byttet navn til UngGlobal og brukes mye både på leir og i lagene våre. Gjennom materialet som er utarbeidet, får barna helt fra barnehagealder lære om misjon og være med og samle inn penger til misjon og diakonalt arbeid. Ungdommene kan også verve seg til fast givertjeneste, delta på teamturer eller være ettåringer gjennom UngGlobal.

**Ansatte i barne- og ungdomsarbeidet i regionen:**

| *Navn* | *Stillingsbrøk* | *Stilling* | *Kommentar* |
|---|---|---|---|
| Marta Sortland Leodo | 100 % | Ungleder | |
| Cathrine Kvamme | 100 % | Barne- og ungdomsarbeider | 70% i ungavdeling<br>30% i Askøy Misjonsforsamling |
| Margareth Engås | 100 % | Barne- og familiearbeider | |
| Vivian Rosvold/<br>Debbie Eikum | 30 % | Barne- og ungdomsarbeider | Har også 40 % på Lyngmo. Debbie tok over Vivian sin stilling 1.4.23. |
| Aud Marit Ramberg | 20 % | Barne- og ungdomsarbeider | |
| Malene Skartveit | 30 % | Barne- og ungdomsarbeider | |
| Vakant i Fjordane | 20 % | Barne- og ungdomsarbeider | |
| Christian Løkhammer | 15 % | Barne- og ungdomsarbeider | Primæroppgave som trinnleder på Ung:Disippel |

De ansatte deltok på regional arbeidersamling i Sætervika i januar og mange var med på det nasjonalt organiserte kurset Forum for forkynnelse på Holmavatn i september. Tre ungarbeidere tok livredningskurs i basseng før sommerleirsesongen.

**TAKK**
Barne- og ungdomsrådet ønsker å takke alle som på ulike måter har bidratt med sin tjeneste i arbeidet i 2023. Vi ber om at dere må bli rikt velsignet!

**Barne- og ungdomsrådet i Misjonssambandet vest**
I 2023 behandlet BUR 31 saker. Siden årsmøtet i april består BUR av

*Hanne Nordpoll Soltveit (leder), Maria Røysland Egeland, Ingebjørg Martinussen, Jonatan Hurthi, Hogne Berland, Kristoffer Ytre-Arne Mjelstad, (1. vara), Elise Hitland (2. vara) og Anders Myrene (3. vara).*



## LEIRDAG, FØRSKULE-1. KLASSE, 4. mai

## 4.-7. KLASSELEIR 31. mai-2. juni

## 1.-4. KLASSELEIR 14.-16. juni

## Skilbrei

*Skilbrei, 6800 Førde*

# Sommer LEIR



**FOR MER INFORMASJON OG PÅMELDING, BESØK NLM.NO/LEIRVEST**

# Sak 4: REKNESKAP

## Rekneskapsrapport Misjonssambandet Vest 2023

| | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2021 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Salsinntekter | 940.346 | 968.350 | 751.215 | 703.846 | 517.181 |
| Gåver | 14.075.152 | 18.614.401 | 15.654.642 | 14.344.093 | 13.956.908 |
| Andre inntekter | 196.654 | 234.400 | 196.951 | 197.490 | 508.278 |
| **SUM DRIFTSINNTEKTER** | **15.212.152** | **19.817.151** | **16.602.808** | **15.245.430** | **14.985.149** |
| Varekostnader | -732.098 | -672.812 | -665.587 | -580.198 | -313.978 |
| Lønnskostnader m.m. | -8.727.548 | -10.417.372 | -7.912.234 | -7.229.631 | -6.907.790 |
| Andre driftskostnader | -2.058.733 | -2.234.870 | -2.097.040 | -1.620.010 | -1.653.027 |
| **SUM DRIFTSKOSTNADER** | **-11.518.378** | **-13.325.054** | **-10.674.862** | **-9.429.839** | **-8.864.795** |
| DRIFTSRESULTAT | 3.693.773 | 6.492.097 | 5.927.947 | 5.815.839 | 6.120.354 |
| Finansinntekter | 41.139 | 21.614 | 20.079 | 10.010 | 10.045 |
| **RESULTAT** | **3.734.912** | **6.513.706** | **5.948.026** | **5.825.601** | **6.130.399** |
| NLM Gjenbruk* | 1.768.937 | | 1.536.945 | 1.456.121 | 1.050.545 |

Resultat før overføring og disp: Gjenbruken Bergen 1.277.690, Gjenbruken Askøy 636.162 (i regionane sine rekneskap er lønnskostnader og nokre reisekostnader til tilsette med, fordelt etter same nøkkel som felleskostnadene vert fordelt på butikkane, derfor er totalsummen lågare enn summen av dei to butikkane – sjå elles butikkane sine årsmeldingar for fleire tal)

## Inntekter frå områda

| Område | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Askøy | 842.287 | 754.029 | 791.386 | 751.492 | 861.880 | 840.752 |
| Austevoll | 57.911 | 53.489 | 58.748 | 66.587 | 103.949 | 103.911 |
| Byrknes | 1.900 | | 1.860 | 23.220 | 17.760 | 40.760 |
| Fana | 340.711 | 430.171 | 314.208 | 411.849 | 391.441 | 430.340 |
| Fjordane | 1.036.544 | 1.192.585 | 934.661 | 877.125 | 1.133.426 | 1.260 692 |
| Fusa og Samnanger | 651.916 | 445.672 | 482.039 | 593.400 | 584.886 | 595.246 |
| Hardanger | 533.209 | 608.607 | 527.741 | 559.147 | 630.761 | 602.329 |
| Nordhordland | 1.534.879 | 1.965.099 | 1.948.758 | 1.340.531 | 1.390.245 | 1.497 484 |
| Os | 200.872 | 203.444 | 186.125 | 211.545 | 252.303 | 218.957 |
| Salem Misjonskirke | 3.252.909 | 3.542.428 | 3.288.263 | 3.414.884 | 3.354.617 | 3.099.992 |
| Sogn | 1.182.433 | 1.110.105 | 1.014.506 | 1.059.008 | 1.108.475 | 1.304 530 |
| Voss | 114.139 | 126.390 | 143.680 | 153.524 | 187.936 | 195.814 |
| Øygarden | 2.222.222 | 2.158.758 | 1.806.662 | 1.663.452 | 1.676.927 | 1.700 358 |
| Åsane og Oster | 683.392 | 746.671 | 735.059 | 736.856 | 875.233 | 808.847 |

# Gåver innsamla til NLM på skulane

| | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sygna | 589.402 | 1.008.848 | 670.039 | 633.350 | 941.007 | 692.282 |
| Kongshaug | 564.014 | 435.569 | 686.944 | 755.953 | 457.083 | 541.436 |
| Danielsen U-sk Bergen | | | | | 470.000 | 430.000 |
| Danielsen B-U-sk Sotra | | | | | 900.000 | |
| Danielsen U-sk Osterøy | 150.000 | 135.000 | 175.000 | 145.000 | 80.000 | 104.616 |
| Danielsen U-sk Frekhaug | | 261.713 | | | 338.000 | |
| Danielsen vid.g. skule | | | 220.642 | 166.225 | 733.700 | |
| **TOTALT** | **1.303.416** | **1.841.130** | **1.752.625** | **1.700.528** | **3.919.790** | **1.768.344** |

# Gåver til institusjonar

| | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kongshaug** (gåver) | 554.861 | 342.433 | 389.648 | 396.083 | 449.134 | 402.024 | 447.185 |
| **Sygna** (gåver/lotteri) | 1.530.179 | 1.085.852 | 877.197 | 1.050.918 | 772.712 | 690.291 | 641.767 |
| **Sætervika** (gåver/ basar/lotteri) | 1.374.047* | 705.102 | 615.868 | 453.612 | 577.000 | 589.905 | 1.150.000 |
| **Skilbrei** (gåver/ basar/ bruktmarknad) | 292.812 | | 288.107 | 178.188 | 257.632 | 270.837 | 208.998 |
| **Lyngmo** (gåver/ basar/ bruktmarknad) | 3.402.000* | 954.110 | 1.060.000 | 1.245.000 | 1.109.000 | 1.221.636 | 1.121.996 |

*Sætervika: Anonym gåve 500.000 og gave etter sal av bedehus i Nordhordland 250.000
* Lyngmo: Fekk 2,5 mill i reduksjon av lånet hos Sogn og Fjordane Indremisjon

# Sak 5: VAL – Kandidatar

## Regionstyret

Det skal veljast 3 medlemmer og 3 varamedlemmer

*Valt for to år i 2023*
Nils Helge Friborg, 47 år, gravferdskonsulent, Fjordane.
Elin J. Ulveseth Minde, 56 år, bonde, Øygarden
I presentasjonen står kandidatane alfabetisk etter etternamn.



**Kurt Arild Ohma**, 42 år, Balestrand. Lektor Sygna. Område: Sogn
Misjonær i Bolivia og Peru, lærer og ungd.leder på Sygna. Diverse styreverv, bl.a. Bolivia, Setela, kirkestyret i Peru, Sogn NLM, bedehuset i Balestrand, vara til HS. Er nå nestleder i regionstyret.
Vil arbeide for at barn og unge skal kunne høre om og ta imot Jesus. Er opptatt av å bygge både små og store inkluderende fellesskap i hele regionen. Og vi må ikke glemme arbeidet blant de minst nådde folkegruppene i verden. Strategidokumentet 2022-30 som GF vedtok, gir gode føringer for hvordan styre arbeidet i regionen. Mål: nå nye mennesker med evangeliet, nasjonalt og globalt.



**Jan Håkon Reinemo,** 28 år, Bergen. Student: Master i strategi og leiing, - og fysioterapeut. Område: Bergen
Medlem i Salem Misjonskirke siden 2017, har hatt flere ulike tjenestegrupper. Er nå leder for en smågruppe og er med i coach-teamet for smågruppelederne. Har vært daglig leder NLM Eiendom Bergen og kjenner godt drifta og aktiviteter i Salem
Hovedstyret gjorde en god jobb da de i 2022 ga en 10-års strategi og handlingsplan for organisasjonen. Jeg ønsker å videreføre dette arbeidet og hjelpe regionen og forsamlingene med å følge den, så flest mulig kan få høre og bli kjent med Jesus.



**Roald Viksund**, 66 år, Strusshamn. Psykisk sykepleier/Diakon. Område: Askøy
Vært med i styret for Askøy NLM, vært søndagsskolelærer i Askøy Misjons-forsamling. Med i bedehuskomiteen for Kleppe bedehus, leder i mannsforening.
Vil arbeide for: Evangeliet til Vestlandet. Godt arbeidsmiljø for ansatte og frivillige. Legge til rette for nådegaver i bruk i våre forsamlinger og bedehus.



**Runhild Øvreås**. 51 år, Holmedal. Yrkesfaglærer på vgs. Område: Fjordane
Aktiv i Bygstad indremisjonsforsamling og på Holmedal bedehus. Tidlegare utsending til Sentral-Asia og Østlige Afrika for NLM. Kasserar i Askvoll/Holmedal lørdagsklubb. Talar på leir/møte.

## Varamedlemer



**Hans Einar Markhus**, 48 år, Eikelandsosen. Dagleg leiar i Fusa sokn/fung. kyrkjeverje Bjørnafjorden. Område: Fusa og Samnanger
Styrar Lyngmo ungd.senter, Utsending NLM til Kenya. Styreleiar Eikelandsosen bedehus, Misjonskonsulent Den norske Israelsmisjonen. Er 1. vara til regionstyret
Vil arbeida for: Fokus på det lokale kristne fellesskapet både i foreiningar og andre fellesskap/kyrkjelydar, og gjennom det halda høgt NLM som misjonalt fellesskap, lokalt og i verda; Verda for Kristus.



**Kjell Strømme**, 70 år, Norheimsund. Pensjonist. Område: Hardanger
Misjonær i Kenya, tidl. medlem av regionstyret; fritidsforkynnar, 'kortids-oppdrag' i Kenya.
Regionstyret bør a) setja inn forkynnings-/rettleiingsressursar mot skulane våre b) styrkja leirstadane c) nøra oppunder 'Verda for Kristus'-mottoet på gamle og nye arena i Noreg og utland/misjonsfelt.

# Barne- og ungdomsråd (BUR)

Det skal veljast 3 medlemmer og 3 varamedlemmer

*Valt for to år i 2023*:
Jonatan Hurthi, 20/21 år, Sogn
Ingebjørg Martinussen, 32 år, Åsane/Øygarden

I presentasjonen står kandidatane alfabetisk etter etternamn.



**Hogne Berland**, 39 år, Rong. Kyrkjelydspedagog. Område: Øygarden
Medlem i BUR. Arbeider med barne- og ungdomsarbeid i kyrkja i Øygarden. Ønsker å bidra til å tenke strategisk om barne- og ungdomsarbeidet i regionen. Har trua på å satse endå meir på treffpunkt i mindre grupper for barn og unge.



**Maria R. Egeland**, 31 år, Bergen. Sykepleier. Område: Bergen
Søndagsskoleleder i Logoskirken, bibelgruppeleder, barne- og ungdomsrådet (BUR) i flere år, som styremedlem og som leder.
Noen saker jeg har særlig lyst til å arbeide for:
- Lederutvikling; bevare og utruste ungdommer
- Jobbe med hvordan man kan nå nye barn og unge.



**Kristoffer Ytre-Arne Mjelstad**, 21 år, Åsane. Student. Område: Åsane og Oster
Flere år i BUR, samt flere år i Sætervikastyret. Mangeårig leder på leir. Nå også tilkallingshjelp i Sætervika. Går til vanlig i Salem misjonskirke i Bergen. Leirarbeid er av det viktigste vi gjør, er en unik arena for relasjonsbygging mellom deltakere og et inntog i en personlig relasjon med Jesus. Leir er for noen et første møte med bibelen, så leirer er viktige for å fortelle om Jesus både til de fra kristne, men kanskje aller mest fra ikke-kristne hjem. Derfor er det viktig å opprettholde et godt leirtilbud og tilpasse seg slik at man fortsetter å treffe målgruppen f.eks. ved å arrangere gamingleirer eller andre «nye» typer leir.



**Jonatan Olsen**, 18 år, Vassenden/Sygna. Assistent sjukeheim og kjøkken Skilbrei. Område: Fjordane/Sogn
Har vakse opp med NLM i "lomma" og går på Sygna. Er nett no i Montenegro, på misjonstur. Fantastisk kjekk tur der eg får bidra med å gi godheit og kjærleik til folk som ikkje opplever så mykje av det elles. Har heile livet vore jamleg på møte med NLM, men også Normisjon. Så er godt kjent med NLM.



**Hanne Nordpoll Soltveit**, 31 år, Frekhaug. Sjukepleiar. Område: Nordhordland
Medlem av BUR i fleire år, dei siste åra som leiar. Sit i områdestyret for NLM Nordhordland og leirnemnda i Sætervika.
Ønsker først og fremst å jobbe for å gjere Jesus kjent for barn og unge i regionen. Ønsker at ein gjennom barne- og ungdomsarbeidet både kan vinne nye, og utruste og disippelgjere dei som allereie er med i arbeidet.



**Julie Vogelaar**, 17 år, Manger, elev på Sygna. Område: Nordhordland/Sogn
Har vært leder på leir, går på Ung:Disippel-opplegget på Ung:Leder
Ønsker at evangeliet skal bli spredt til alle, men vil og at kristne ungdommer skal få mulighet til å fordype seg i Bibelen og lære mer. At man ikke stopper å lære etter at man har blitt kristen. Er engasjert i Ung:Disippel, for det er noe jeg har vært med på og som jeg er veldig glad i.

# Valnemnd

*Valt for 2 år i 2023:* Jostein Moldsvor og Ingebjørg Hitland.

Det skal veljast 3 faste medlemmer og 1 vara.

**Daniel Flaktveit**
Åsane



**Trond Kråvik**
Sogn



**Per Hilleren**
Sogn



**Øystein Mongstad**
Nordhordland



# Sak 4: Lov for Misjonssambandet vest – godkjenning av endring

Som følge av at generalforsamlinga 2022 vedtok grunnregelendringar for å tydeleggjere ei åndeleg tilsynslinje i organisasjonen, utarbeida hovudstyret nye normallover som framlagt lovforslag er bygd på.

**LOV FOR NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND REGION VEST**

**§ 1. Formål.**
Regionens formål er å forkynne evangeliet om Jesus og formidle "ansvar for misjon nasjonalt og internasjonalt", jf. grunnreglene for Norsk Luthersk Misjonssamband § 1.

**§ 2. Basis**
Regionen er forpliktet på grunnreglene for NLM § 2, første setning som lyder: "NLM bygger sitt arbeid på Den hellige skrift, de oldkirkelige bekjennelsene, Den augsburgske bekjennelse og Luthers lille katekisme".

**§ 3. Regionårsmøtets sammensetning.**

1. Regionens ordinære årsmøte holdes normalt hvert år innen utløpet av juni måned.
2. Regionårsmøtet består av delegater fra misjonsfellesskapene i regionen. Foreninger/ forsamlinger/ områdestyrer og misjonsfellesskap tilsluttet region vest med inntil 50 medlemmer, velger to delegater til regionårsmøtet. Deretter en delegat for hvert 50. medlem.
3. Innmelding av delegater til årsmøtet må skje senest før årsmøtet settes.
4. Delegatene må være fylt 15 år. Delegatene skal godkjennes av regionens administrasjon. Selve kontrollen av fullmakter kan delegeres.
5. Medlemmer av regionstyret, valgte medlemmer i regionens tilsynsråd og barne- og ungdomsrådet har stemmerett.
6. Registrerte kontaktpersoner for Misjonssambandet har tale- og forslagsrett.

**§ 4. Regionårsmøtets behandling.**

1. Til behandling og vedtak:
   a. Årsmeldinger fra regionstyret og fra barne- og ungdomsrådet. Orientering fra tilsynsrådet og rapport fra andre styrer, og fra utvalg nedsatt av årsmøtet.
   b. Saker som regionstyret tar opp og legger fram.
   c. Saker som misjonsfellesskapene ønsker skal behandles av årsmøtet. De må være sendt regionstyret senest 8 uker før møtet.
   d. Lovendringer.

Saker avgjøres med alminnelig flertall. Lovendringer vedtas med 2/3 flertall av avgitte stemmer. Saker som skal behandles i regionårsmøtet, må være kunngjort på vanlig måte og minst tre uker før regionårsmøtet holdes.

2. Til orientering.

Regionregnskapet med regnskap for regionens underliggende organisasjonsledd og institusjoner.

3. Valg.

Valg til regionstyre, barne- og ungdomsråd (BUR), valgkomite og regionalt tilsynsråd (hvert tredje år).
Valgene avgjøres ved stemmetall. Rekkefølgen avgjøres ved loddtrekking dersom stemmelikhet har betydning for valgresultatet.

4. Orientering og samtale.
   a. Orientering med korte resyme fra institusjonene hvor regionen er eier/medeier uten formell avgjørelsesmyndighet.
   b. Samtale om og drøfting av arbeidet i perioden som årsmeldingen gjelder for.
   c. Drøfte og gi signal om hovedlinjer i arbeidet i tiden framover.

Saker som skal behandles på regionårsmøtet, må være kunngjort på vanlig måte minst tre uker før regionårsmøtet holdes.

**§ 5. Ekstraordinært årsmøte.**
Regionstyret kan innkalle til ekstraordinært regionårsmøte dersom det foreligger saker som krever årsmøtevedtak. Innkallingsfristen er minst fire uker. Et ekstraordinært regionårsmøte kan bare behandle og gjøre vedtak i saker som er oppført i sakslisten av regionstyret.

**§ 6. Regionstyret.**

1. Regionen ledes av et styre med 5 medlemmer. Styremedlemmene må ha fylt 18 år. I regionårsmøtet velges vekselvis 2 og 3 styremedlemmer for to år.
   Det velges 3 varamedlemmer for ett år.
   Styret velger styreleder og nestleder for ett år om gangen.
   Styret er beslutningsdyktig når minst 3 medlemmer er til stede.
   Er leder og nestleder fraværende, velges setteleder.
   Ved stemmelikhet er styreleders stemme avgjørende.
   Innkallingen med sakliste skal være skriftlig og formidlet minst én uke før møtet.

2. Dersom et medlem av regionstyret får varig forfall, trer varamedlem inn for resten av medlemmets funksjonstid.

3. Regionleder, administrasjonsleder og ungleder har møte- og talerett i regionstyret, men ikke stemmerett.

**§ 7. Regionstyrets ansvar og oppgaver.**

1. Regionstyret har på mandat fra regionårsmøtet ansvaret for å lede arbeidet i regionen og de virksomheter som ligger til regionen. Tilsynsrådet (jf. § 10) har ansvaret i saker som faller inn under åndelig tilsynsansvar. Regionstyret har ansvar i andre saker.
2. Regionstyret har ansvar for å prioritere ressursene i regionen og ansette nye medarbeidere i samsvar med ansettelsesprosedyrer i NLM. Ansettelse av regionleder, ungleder, administrasjonsleder og arbeidere med forkynneransvar skal godkjennes av regionalt tilsynsråd.
3. Regionstyret har ansvar for tiltak som kan virke samlende og inspirerende for regionen, for eksempel samlinger for hele eller store deler av regionen.
4. Regionstyret er ansvarlig for at de midler som samles inn til misjonen og til regionens institusjoner, forvaltes og underlegges regnskapsføring som er i samsvar med gjeldende økonomireglement fastsatt av sentralstyret.
5. Regionstyret vedtar forslag til budsjett for kommende år. Budsjettforslaget oversendes sentralstyret for godkjenning innen den frist som sentralstyret fastsetter.
6. Regionstyret forbereder regionårsmøtet og legger fram sakene som skal behandles, jf. § 6.
7. Regionstyret påser at det føres protokoll/møtebok over drøftinger i regionårsmøtet, regionstyremøtene og andre styre- og nemndsmøter.

**§ 8. Styreleder og regionleder**

1. Styreleder har ansvar for
   a. Å lede styremøtene.
   b. Å representere regionen utad i samråd med regionleder når ikke sistnevnte kan utføre oppdraget.
   c. Å gjennomføre årlig medarbeidersamtale med regionleder.

2. Regionleder er regionens daglige leder. Han skal sammen med regionens lederteam legge planer for arbeidet og skal i samråd med styreleder sette opp saksliste og kalle inn til styremøte. Regionleder har ansvar for at alle styrevedtak iverksettes. Han har hovedansvaret for å representere misjonen utad og gi uttalelser til media på vegne av regionstyret.

**§ 9. Barne- og ungdomsrådet (BUR).**

1. Regionens barne- og ungdomsarbeid ledes av et råd på 5 medlemmer valgt av regionårsmøtet. Barne- og ungdomsrådet velger selv leder og nestleder for ett år om gangen. Barne- og ungdomsrådets medlemmer har funksjonstid på to år. Det velges 3 varamedlemmer for ett år om gangen. Av barne- og ungdomsrådet går hvert år ut vekselvis 2 og 3 medlemmer.

2. Barne- og ungdomsrådet har ansvaret for å lede regionens barne- og ungdomsarbeid.

3. Ungleder er daglig leder av barne- og ungdomsarbeidet og har møte og talerett i rådet. Ungleder legger planer for arbeidet i samråd med regionens barne- og ungdomsråd. Ungleder har ansvar for at referat fra barne- og ungdomsrådets møter oversendes regionstyret. Saker av prinsipiell karakter må godkjennes i regionstyret før vedtak settes i verk.

4. Leder i barne- og ungdomsrådet leder rådets møter.

5. Regionleder har møte og talerett i barne- og ungdomsrådet.

6. Møtereferat og årsmelding sendes Misjonssambandet Ung til orientering.

**§ 10. Regionalt tilsynsråd.**

1. Det regionale tilsynsrådet har et overordnet åndelig tilsynsansvar i regionen.

2. Regionalt tilsynsråd består av to valgte tilsynsmenn og en varatilsynsmann som velges for 3 år. Regionleder er medlem av rådet.

3. Regionalt tilsynsråd skal
   a. godkjenne ansettelse av regionleder, ungleder og administrasjonsleder.
   b. godkjenne fast ansettelse i alle stillinger med forkynneransvar
   c. ha minst ett møte med regionstyret hvert år
   d. orientere regionårsmøtet om sitt arbeid
   e. representere regionen i Misjonssambandets rådsmøte
   f. kunne fremme saker på vegne av regionen til rådsmøtet.

4. Tilsynsrådet bestemmer hvilke saker som skal presenteres for regionstyret og regionårsmøtet, og hvilke som skal videresendes til det nasjonale tilsynsrådet.

**§ 11. Valgkomité.**
Valgkomitéen består av 5 medlemmer som velges for to år. Hvert år går det ut 2 og 3 medlemmer. Det velges to varamedlemmer for ett år.
I sitt arbeid med å finne kandidater til regionstyre, barne- og ungdomsråd og regionalt tilsynsråd skal valgkomiteen ta hensyn til nådegaver, tjeneste, kompetanse, alder, kjønn og geografi.

**§ 12. Eiendommer.**
Sentralstyret må skriftlig godkjenne kjøp, salg eller pantsetting av fast eiendom i regionen. Byggeprosjekter (nybygg og/eller ombygninger) over kr.500.000,- og låneopptak skal godkjennes av sentralstyret.

**§ 13. Endring av regionloven.**

1. Endring av regionloven behandles på regionårsmøtet og krever 2/3 flertall av avgitte stemmer for å bli vedtatt.
2. Forslag til endring av regionloven må foreligge for regionstyret senest tre måneder før regionårsmøtet.
3. Endring av regionloven må ikke komme i strid med grunnreglene for Norsk Luthersk Misjonssamband og organisasjonsstrukturen. Forslag må forelegges sentralstyret før endringsforslag legges frem for regionårsmøtet.

*Lov for region vest – fremlegges for regionårsmøtet – 27.04.2024*

# Årsmeldingar frå LEIRPLASSANE

## LYNGMO UNGDOMSSENTER

Driftsåret 2023 har vore eit år med mange høgdepunkt, gode leiropplevingar, nye vener, lovsong, hardt arbeid, mange gjester, frustrasjoner og stor utskifting i staben. Me er heldige å kunne skrive ei årsmelding frå ein leirplass som har stor aktivitet og som i stor grad klarer å levere resultat ut i frå formålet med plassen; å nå barn og ungdom med evangeliet om Jesus Kristus! Dette klarar me på Lyngmo gjennom leirarbeidet og andre arrangement. Nærast deltakarane kjem barne- og ungdomsarbeidarane og leirleiarane. Med god støtte frå driftspersonalet på Lyngmo og dugnadsstab går Lyngmo-maskineriet på høg-gir gjennom året og me får til mykje saman!

Det siste året har vore prega av stor aktivitet, men me kjem ikkje utanom at ei stor utskifting i staben har gjort det ekstra travelt og krevjande dette året. Me har fått sende ut to barne- og ungdomsarbeidar våre til teneste i det store utlandet og det har kome inn nye personar i tenesta på Lyngmo. Utskifting av personalet og opplæringa som har følgt med har lagt beslag på mykje ressurser og det har vore lite rom for oppgåver utanfor ordinære drift dette året.

Noko av det som har skjedd på Lyngmo siste året: Leirar, julemiddagar, to Lyngmobasarar, småbarnstreff, knøttekorsamlingar, torsdagsklubbar, nokre barnelagsbesøk, to kvinne-helger, familieleir, Vi over 60, 16. mai fest for ungdom, Smak & Sjå (misjonsarrangement for barn og familiar), medarbeidarfest, bibelcamping, bibelhelg, mm. I tillegg har det vore utleige til konfirmantleirar, helgesamlingar for ulike organisasjonar, catering-leveringar, UIO sin familieleir og mange konferansekveldar for ulike aktørar.

**Leirarbeidet**
Det har vore totalt 428 deltakarar på leirane, ein liten nedgang frå fjoråret.

**Vedlikehald**
Ole Inge Skagen er fast innleigd som vaktmeister og tek mykje av det forefallande arbeidet saman med dugnadsfolk som trufast stiller opp! Vaktmeisterteamet fungerer også godt og tek ansvar for små og litt større prosjekt. Mykje av tida går til generelt vedlikehald. Det har vore eit mindre prosjekt ute med å utvide søppelskuret v/ kjøkkenet. Ventilasjonsanlegget har blitt utbetra på hovudbygget.

**Personalet**
Det er totalt 4,5 årsverk med fast tilsette. I tillegg er det ca. 1,1 årsverk med sommarvikarar. Samarbeidsavtalen med Misjonssambandet vest gjer at me har 30 % ekstra stilling i barne- og ungdomsarbeidet. Kjetil Stautland var tilbake som dagleg leiar etter ei tid i permisjon. Han har jobba i redusert stilling. I tillegg har me nytta oss av moglegheiten til å hyre inn vaskehjelp og liknande på timebasis for å lette litt for dei fast tilsette og dugnadsfolka i dei mest intensive periodane.

| Navn | Stilling | Stillingsprosent | Kommentar |
|---|---|---|---|
| Jorunn Hilleren | Kjøkkenarbeider | 75 % | |
| Rebeca Nornes | Kjøkkenarbeider | 50 % | |
| Arve Henning Bringe | Kjøkkenarbeider | 45 % | Slutta 30. september |
| Vivian Rosvold | Barne- og ungdomsarb. | 70 % | Slutta 31. mars |
| Emely Amdal | Barne- og ungdomsarb. | 80 % | Slutta 31. juli |
| Debbie Eikum | Barne- og ungdomsarb. | 80 % | Starta 1. mars |
| Trine L. Sviggum | Barne- og ungdomsarb. | 70 % | Starta 1. september |
| Ingvild Øvrebø | Driftsmedarbeider og ansvarleg sommardrift Meny og innkjøp kjøkken | 80 % | 30 % fast |
| Ole Inge Skagen | Vaktmeister | Opp til 20 % | *Ikkje tilsett, men fast innleigd. |
| Kjetil Stautland | Dagleg leiar | 100 % | (40 -50 % permisjon) |

**Sommardrifta**
Eit høgt gjestetal i 2022 har halde seg i 2023! Statistikken for hovudsesongen 2023 syner (2022 i parantes): 1859 (1721) einingar på campingen, 546 (581) hyttedøgn, 1346 (1225) utleigde rom. Me har tilpassa vaktsystemet noko ved å auke opp i bemanninga, noko som var heilt naudsynt for å ta vare på dei tilsette og gje eit godt nok servicetilbod. Totalen i heile sommarsatsinga til Lyngmo held fram med auke i omfang; gode inntekter, men det er ein krevjande bransje og nok/riktig bemanning er ei hovudutfordring.

**Økonomi**
Me opplever to ulike sider med økonomien dette året. Likviditeten har til tider vore meir utfordrande med at det er større summar i omløp, samt auke i personalkostnadar. Det betyr at det må planleggast slik at det er rikeleg med likvide midlar til enkelte periodar av året med mindre inntekter. Rekneskap syner ei auke i salsinntekter og utgifter. Samla sett er det litt dårlegare driftsresultat. Sommardrifta er viktig, men også andre arrangement

gjennom året er viktige. På slutten av året fekk Lyngmo ei stor gåve når 2,5 mill av lånet hos Sogn og Fjordane Indremisjon vart sletta. Resten av lånet er på 2,15 mill og vart samla hos Sparebanken Sør. Gjevarane til Lyngmo gjer at me har ein relativt trygg økonomi, men me ser at det har vore ein nedgang blant faste gjevarar siste året. Me er utruleg takksame for dei som støttar med gåver, dugnad og anna måte inn i drifta!

**Styret**
Styret har hatt 8 styremøte og handsama 34 saker. Torodd Urnes (leiar), Ottar Husum (nestleiar), Magny Bukholm, Ole Martin Brennsæter og Inger Merete Øygard har vore faste medlem heile året. Geir Afdal, Berit Skjerdal og Jostein Flatland har vore vara til styret. Me er glade for kontinuitet blant styremedlemane og i styrearbeidet.

**Takk**
Me er takksame for alle som har komme på arrangement på Lyngmo i 2023. Me er glade for moglegheita til å dele evangeliet om Jesus Kristus med barn og ungdommar. Me er takksame for alle som stiller opp som leiarar, dugnadsarbeidarar, forbedarar, gjevarar og alle andre som har omtanke for leirstaden og leirarbeidet på Lyngmo!

Styret er svært takksame for staben på Lyngmo som gjer ein framifrå jobb! Det syner igjen at de står på og at de gjer veldig mykje flott arbeid!

Til slutt rettar me takken til vår Frelsar og Herre. Takk for at du alltid er med oss – også i oppdraget på Lyngmo med å «nå ut til alle menneske».

*Torodd Urnes, styreleiar og Kjetil Stautland, dagleg leiar*

# SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER

Under mottoet «Verda for Kristus» får me i Sætervika være med og legge til rette for at unge og eldre får møte evangeliet. Det er vår bøn at våre gjestar får møta Jesus og kallet til teneste i misjonen når dei er her. Me er sikker på at ordet som blir sådd er spiredyktig og vil bære frukt i si tid.

**ARRANGEMENT -** *Talet på personar/betalande kundar. Barn 0-3 år er ikkje med.*

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| NLM arr. | 16 | 11 | 6 | 9 | 12 | 13 |
| Deltakarar og leiarar NLM | 707 | 524 | 187 | 407 | 520 | 672 |
| Utleie arr. | 33 | 36* | 17* | 27* | 31* | 39* |
| Deltakare utleie | 1591 | 1534 | 797 | 1179 | 1340 | 1708 |
| Privat overnatting | | | 76 | 51 | 75 | 344 |

* Inkl. private arr. Det var totalt 5075 gjestedøgn i 2023, mot 4130 i 2022.

**ØKONOMI -** *Tal i heile tusen*

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gåver/kollekt | 169 | 103 | 126 | 326 | 328 | 583 |
| Gåver prosjekt | 56 | 51 | 43 | 55 | 116 | 500 |
| Fast gjevarteneste | 165 | 201 | 190 | 163 | 127 | 127 |
| Lotteri og basar | 192 | 222 | 93 | 73 | 98 | 84 |
| Tilskot frå leirlotteri | | | | 58 | 82 | 80 |
| Off. tilskot | | | 819 | 403 | 220 | 67 |
| Driftsinntekter | 4.950* | 2.866 | 2.849 | 3.242 | 3.653 | 4.630 |
| Resultat | 1.659* | -148 | 361 | -46 | -737 | 581 |
| Langsiktig gjeld | 2.482 | 2.310 | 2.124 | 2.123 | 2126 | 2.145 |

* Inntekt frå sal av styrarbustad er inkludert med 2.031

**VEDLIKEHALD OG BYGG**

Me har gjennom året renovert dei fem siste romma samt gang på sørfløyen av Bergtun. Garasjen er heilt ferdig med port, samt planarbeid for ein lett oppgradering av møtesal og peisestove er igangsett. Etter ei øyremerkt gåve på 500.000,- til uteområdet, er me svært glad for å kunne starte opp arbeidet med ny Tarzanløype våren 2024.

**ARRANGEMENT**

Sommarfest i Sætervika blei arrangert 18. juni med song og misjonsinnslag frå Kjell Strømme og andakt ved Malene Skartveit. Sætervikabasaren blei avholdt i samanheng med Mannahelg ved fjorden 22. september. Der deltok Jan Ingve Berntsen med andakt. Fullt hus, og det kom inn kr 84.109.

**PERSONELL**

I 2023 har bemanningssituasjonen vore slik: Terje Hoseth Næss er dagleg leiar i 100 % stilling. Kristina Zdanciene i 100 % stilling som kjøkken- og internatleiar fram til 1. april. Etter det har Kristina hatt permisjon fram til ho sa opp stillinga si i oktober. Kristina har gjennom 10 år gjort ein kjempeinnsats for Sætervika. Geir Helge Stein og Ivar Berland har begge hatt stilling som vaktmeister i 20 % stilling. Irina Antic har hatt 30 % stilling som kjøkken- og internatassistent, ho har i desember sagt opp si stilling. I tillegg har vi hatt fleire med avtale som tilkallingshjelp. Me har også gjennom dette året hatt god hjelp av frivillige.

**STYRET**

Styret har hatt åtte møte og behandla 89 saker. I 2023 var styret samansett slik: Svein Aarra (leiar), Frode Odland(nestleiar), Kristoffer Mjelstad (frå barne- og ungdomsrådet), Geir Johnny Undal, Kristin Dåvøy, Ivar Berland (varamedlem) og Gunnar Øpstebø (varamedlem). Administrasjonen i Region Vest har vore representert på styremøta ved Kirsten Grøteig. Styret vil retta ein stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar og til alle som har støtta Sætervika med gåver og forbøn i 2023.

*Styret*



## Leirdag
9. mai

## Maksleir
14.-16. juni

## Tweens action
2.-5. august

## Miksleir
9.-11. august

# Sommer LEIR

## Sætervika
*Ytre Tysse 259, 5650 Tysse*



**FOR MER INFORMASJON OG PÅMELDING, BESØK NLM.NO/LEIRVEST**

# Årsmeldingar frå OMRÅDA

## ASKØY NLM

Vi hadde en god virksomhet i 2023 med formidling av Guds Ord, misjon, diakoni og givertjeneste.

**Forsamlingsarbeidet**
Askøy Misjonsforsamling har bønnemøte kl. 10.30 og gudstjeneste kl. 11.00 hver søndag på Kleppe bedehus. Torsdager kl. 19.00 er det bønnemøte. Antall barn og barnefamilier på gudstjenestene er fortsatt økende, det betyr mye for dem at vi har 3-delt søndagsskole under gudstjenesten. Misjonsforsamlingen sendte kr 255.946 fra kollekter og fast givertjeneste til Misjonssambandet.

**Lag, foreninger og kontakter**
Askøy NLM er registrert med 8 lag for barn og unge, 12 foreninger/misjonslag for voksne i tillegg til Askøy Misjonsforsamling og 4 kontaktpersoner. Det kom inn kr 173.548 fra foreninger/lag for voksne og kr 17.000 fra ulike lag for barn og unge.

**Kleppe bedehus** er et tjenlig og godt bygg. Utleie, husleie fra misjonsforsamlingen og gjenbruksbutikken gir sammen med bedehusbasarer og julemarked nødvendige inntekter for å betjene lån og kommunale utgifter. Samlet lånegjeld er nå på kr 13.381.460. I 2023 ble det gitt kr 499.000 i fast givertjeneste til huset.

**Gjenbruken Askøy** får fortsatt mye positiv tilbakemelding fra kunder, og stadig flere oppdager butikken, ikke minst pga de flotte bildene som ukentlig legges ut på Facebook. Gjenbruksbutikken bidrar til økt kontaktflate for Misjonssambandet og Kleppe bedehus både på Askøy og i omegnskommunene. 40 frivillige medarbeiderne gjør en flott innsats!

**Preg barnehage Askøy**
Misjonssambandet driver Preg barnehage på Steinrusten, det gir gode muligheter både i forhold til barna, foreldrene og de ansatte.

**Møteaktivitet på bedehusene**
Våren 2023 hadde vi to bibeltimer på Follese bedehus og to møter på Breivik bedehus. Om høsten arrangerte vi og Askøy Misjonsforsamling felles møteuke på Kleppe bedehus med forkynner Lars Kjetil Emblem som taler.

**Andre arrangement**
*Formiddagstreff* ble arrangert 3 ganger i vårsemesteret og 2 ganger om høsten – et lavterskeltilbud som gir god trivsel og kontakt med mennesker både i og utenom bedehusforsamlingen.

*Bedehusbasarene* i mars og september samlet hver 80-100 mennesker med et resultat på kr 124.569 til Kleppe bedehus.
*St.Hans* feiret vi med flott familiearrangement i Kollevåg, rundt 100 mennesker var til stede.
*KIA samlinger*, et felleskirkelig samarbeid med KIA Askøy, hadde internasjonalt måltid i april (Askøy Misjonskirke) og september (Kleppe bedehus).
*Felleskristen møtehelg* i oktober på Kleppe bedehus var utbytterike samlinger med tidligere gen.sekr Bjørn Øyvind Fjeld fra Misjonskirken Norge.
*«Ja til livet» Askøy* hadde 5 møter v/Finn Indrebø.
*Misjonsmessen* ble holdt på Kleppe bedehus lørdag 11. november for stappfullt hus med møter, varesalg, ulike lotterier og kafeteria. Omsetningen ble kr 193.599.
*Julemarkedet* ble godt gjennomført av bedehusforeningen, netto omsetning var kr 16.805.

**Økonomi**
Midler fra Askøy NLM overført til NLM Region Vest: Kr 842.287 (kr 754.029 i 2022)
**Styret for Askøy NLM** har hatt denne sammensetningen: Leder Øystein Rønhovde, nestleder Terje Frafjord, sekretær Bård Hauge, styremedlem Rollaug Waaler, fung. styremedlem Finn Indrebø. Styret foreslår en fusjon med Askøy Misjonsforsamling etter årsmøtene våren 2024.

**Takk** til alle som er med i arbeidet på ulike måter og tjener med den nåde som er oss gitt i Kristus!
*Øystein Rønhovde, styreleder Askøy NLM*

# FJORDANE NLM

Misjonssambandet Nordfjord arbeidsgruppe og Sunnfjord Misjonsforsamling har forskjellig ansvar i arbeid og forsamling i området.

**Lag og foreiningar**
Ved utgangen av 2023 har ein same tal lag og kontaktpersonar som ved utgangen av 2022 (bortsett frå nedlagde 2 kontaktar og 3 lag): Det er 4 UNG barnelag, 3 UNG smågrupper, 1 Fellesskap, 1 Forsamling (kyrkjelyd), 13 Smågrupper. I tillegg er det 16 kontaktpersonar, til saman 38 lag og kontaktpersonar.

**Møte- og forsamlingsverksemd**
I 2023 har ein gjennomførd (2022 i parentes) 88 (76) møte, derav 11 (11) to-dagars møte, 1 (1) halv møteveke og 0 (0) heil møteveke. I tillegg kjem fellesarrangement og arbeid retta mot barn og unge.

Vi vil her spesifikt nemne at i 2022/2023 deltok 5 personar i konfirmantopplegget som Sunnfjord Misjonsforsamling driv saman med Bygstad Indremisjon. For skuleåret 2023/2024 er 11 konfirmantar med. SMF har hatt totalt 28 samlingar der 20 av desse har vore søndags-/familiesamlingar. Vi viser elles til eigen årsrapport frå forsamlinga.

**Fellesarrangement**

Fellesarrangement i 2023: Bibelhelg på Innvik misjonshotell 23.–24. september hadde svært god deltaking (74 til stades). På Julemessa på Nordfjordeid 24.–25. november var det mange innom og det økonomiske resultatet auka monaleg. På Skilbrei var det på hausten 50-årsjubileum med mimring, fest og basar.

**Barne- og ungdomsarbeidet**

Vi har følgande statestikk for dei 2 siste åra der regionen har ansvar:

| | 2023 | 2022 |
|---|---|---|
| Barneleirar | 205 deltakarar | 203 deltakarar |
| Tabu | 64 deltakarar | 83 deltakarar |
| Tabu + | | 8 deltakarar |

Tabu + vart nedlagd, men ca. 90 ungdommar frå Sogn og Fjordane var samla til Crossroad/ungdomsleir på Lyngmo. I tillegg kjem barnelagsbesøk og ungdomssamlingar.

**Tilsette**

Trond Kråvik er tilsett i 100 % stilling som områdearbeidar i heile Sogn og Fjordane. Aud Marit Ramberg har 20 % fast stilling som barne- og ungdomsarbeidar. Malvin Ommedal er områdearbeidar i Fjordane i 15 %. På Skilbrei arbeider Anne Margrethe Skjold Olsen på timebasis. Ein har i 2023 arbeidd med rekruttering av tilsett til Sunnfjord Misjonsforsamling, noko som gav resultat med tanke på 2024.

**Utsendingar**

Jofrid og Olav Brennsæter i Elfenbeinskysten og Runhild og Odd-Jarle Øvreås i Kenya fram til vår/sommar 2023. Malvin Ommedal i Bolivia i 85 % stilling.

**Styrearbeid**

I Nordfjord har ein ei arbeidsgruppe samansett av Obin Aabrekk (leiar), Elisabeth Nordpoll og Aud Jekteberg Nordpoll (medlemar). Områdearbeidarane Trond Kråvik og Malvin Ommedal møter også. Sunnfjord Misjonsforsamling har sitt styre der Sveinung Myrene er leiar.

**Informasjonsarbeid**

Vi har ei side på Facebook: https://www.facebook.com/nlmfjordane i tillegg til at Region Vest har gode heimesider og i tillegg til stoff på regionsidene i misjonsbladet Utsyn. Sunnfjord Misjonsforsamling har eiga Facebookside og annonserer i tillegg alle møta på SMS til dei som ynskjer det. Kontaktpersonar og foreiningar har fått tilsendt informasjonsskriv om møteverksemd i området og informasjon frå Skilbrei Ungdomssenter.

**Misjonsvener vi har fått melding om har fått heimlov i 2023**

Solveig Grimsbø og Erik Henjum

Vi lyser fred over minnet. *«For likesom alle døyr på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus.»* 1 Kor 15,22

# HARDANGER NLM

Område Hardanger består av foreiningane i Kvam og Jondal kommune. Området er laust organisert med underteikna som koordinator for aktiviteten. Det er foreiningar, lag og kontaktar i følgjande bygder: Norheimsund, Steinsdalen, Tørvikbygd og Jondal. Det er 7 foreiningar og 1 barnekor i Hardanger.

Me har i Hardanger hatt fem enkeltmøte, ei møtehelg og ein «Håp-konsert» med NOREA. Julemessa har vore den store satsinga i 20 år. Men komitèen blir eitt år eldre for kvart år, og det er vanskeleg å få med yngre krefter. I år nedskalerte me litt og kalla det «misjons-messe». Likevel fekk me inn kr 98.000 netto, noko me er særs nøgde med.
Frå område Hardanger er kr. 533.208 overført til misjonen.

*Jostein Moldsvor*

# NORDHORDLAND NLM

«*Eg har fått all makt…gå difor og gjer alle folk til læresveinar…Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*» (Mt. 28) Misjonsbodet gjeld framleis. Dei fleste av oss fann vår plass på bedehuset, og er aktive i lag, foreiningar og forsamlingar. Her skjer mykje byggande, trufast og godt arbeid i rekkene våre. Det gjev grunn til glede, takksemd og tru på framtida.

**Årsmøtet i 2023** fann stad på Konglevoll bedehus 9. mars.  Solveig Ruud helsa frå regionen. Ho takka misjonsvennene for innsatsen. I tillegg orienterte ho om arbeidet i regionen, med vekt på ungdomsdelen. Synnøve Sellevold blei vald inn i styret for to år, og Kjell Samnøy for eitt. Hildegunn Haugsmyr Jensen og Dagfinn Skare blei varamedlemer for eit år. Jorunn Bernssen og Kjell Mjelstad blei vald inn i valnemnda. Olav Helland blei rekneskapsførar. Mykje av samtalen krinsa om framlegget til nye vedtekter. Misjonær og NLA-lærar Jan Magne Steinhovden tala på misjonsmøtet. Her var det også helsing frå Sygna vidaregåande skule. Frekhaug Musikklag gledde oss med song.

**Arbeidet i styret**
Styret konstituerte seg slik: Leif Birger Sortland (leiar), Kjell Samnøy (nestleiar), Hanne Nordpoll Soltveit (skrivar), Lars Gaute Jøssang (koordinator talarar) og Synnøve Sellevold (repr. i julemessekomiteen). Viktige saker har vore julemessa, nye vedtekter og behovet for ei ungdomssatsing.

**Møteverksemda**
Desse talarane har vore i området vårt i 2023: Jan Ingve Bernssen, Margareth Engås, Lars Gaute Jøssang, Kristian Gangstø, Rune Mjølhus, Stein Raunehaug, Øyvind Samnøy og Odd Eivind Stensland. Totalt har det vore vel 50 møte, med nokre heile og halve møteveker. Til dette kjem gudstenester/storsamlingar på dei større stadene. Vekst i forsamlingsarbeidet i sentrale strok og ein viss nedgang i det tradisjonelle arbeidet på bygdebedehusa pregar verksemda

**Julemessa** samla mykje folk. Det var tale og appellar ved Rune Mjølhus, misjonær og regionleiar ved hovudkontoret. Song av Jostein Hauge og Tom Ove Lid. Når det gjeld innkomene, blei bruttoresultatet på over kr. 379.000.- . Av desse blei kr. 338.200.- sendt til misjonen. Den årlege julemessa er ei storhending for oss. Her blir det lagt ned eit stort og trufast arbeid år etter år. Det er med og bind oss i hop som misjonsfolk, og den fungerer elles som «vindu mot verda».

**Økonomien**
I 2023 blei kr. 1.534.879 sendt til misjonen frå området vårt. Dette er noko mindre enn dei siste to åra, ca. kr 430.000, men nesten kr 200.000 meir enn i 2020. Både i 2021 og 2022 blei det gitt nokre store enkeltgåver som gav store utslag.

**Misjonærar frå Nordhordland**
Jan Ingve Bernssen og Øystein Mongstad har hatt teneste i Mongolia i 2023. Familien Rifsgård er i Indonesia. Me har også nokre «aksjar» i Bergfrid Almelid – misjonær i Vest-Afrika. Dessutan er Mari og Håkon Rydland på veg ut.

*For styret - Leif Birger Sortland (leiar)*

# OS NLM

**Møteverksemda**
Det har vore følgjande besøk av forkynnarar på bedehusa i Os:
Neset bedehus: 22. februar, Øyvind Samnøy og 20. september, Jan Ingve Bernssen.
Søfteland bedehus: 26. februar, Øyvind Samnøy og 26. november, Odd Eivind Stensland.
Betania bedehus: 29. januar, Kristian Gangstø, 23., 24. og 26. februar, Øyvind Samnøy,
12. mars, Odd Eivind Stensland, 28., 29. september og 1. oktober, Øyvind Samnøy,
29. oktober, Kristian Gangstø og 24. og 26. november, Odd Eivind Stensland.
Me er takksame til Herren for gode samvær om Guds ord. Det har vore eit godt samarbeid med regionkontoret ved spørsmål om besøk og me er takksame for tildelinga som me fekk her i Os.

**Misjonærar i Japan**
Karoline, Aron Isaiah, Adina Sofia og Marius Bergersen er inne i sitt åttande år, og har si teneste inn mot barne- og ungdomsarbeidet. Dei vaksne og barna treng om forbøn for liv og teneste.

**Foreiningane** samlast regelmessig til møte gjennom året og er «grunnfjellet» i misjonsarbeidet. Desse foreiningane er aktive: Osøyri kvinneforeining, Kongstanken mannsforeining og Kongshaugspiren kvinneforeining. Takk for trufast teneste.

*«Men tru er full visse om det ein vonar, overtyding om ting ein ikkje ser», Hebr. 11,1.*

*Oddvar Torget*

# SOGN NLM

*«Dann du meg, Herre, helt ved din Ånd, Form meg som leiret i mesterhånd.*
*Ta meg og dann meg slik som du ser gagner min sjel og saken din mer.» Pollard*
La oss også dette året få ha dette som ei bøn i kvardagen. Ei bøn om å bli forma slik Gud vil ha oss, slik at me kan bli brukt for å spreie Guds rike vidare!

Inspirasjonssamlinga var på Lyngmo 7. januar. Temaet Røter, Retning og Rytme vart godt belyst med tre ulike talarar. Takk til fam. Markhus, fam. Ohma og Trond Kråvik for interessant dag. Kanskje litt hektisk med såpass mykje program. Godt oppmøte.
Møteveke i Gaupne med Stein Raunehaug i mars. Han var og med på årsmøtet på Sygna.
Møta med Kristian Gangstø i januar og Odd Eivind Stensland i mars gjekk etter planen.
Møta i haustsemesteret vart stort sett gjennomført etter oppsett reiserute, med Sverre Hovda, Magne Vatland og Anfinn Røyland.
Kvinnestemnet var helga 22.–24. sept. Møtevekene i Gaupne vart gjennomførd med bibeltimar på skjerm då Rolf Lavik ikkje kunne koma frå i år.

Det er 11 misjonsforeiningar og fem kontaktar for Misjonssambandet i området vårt. Når det elles gjeld arbeidet mellom born og unge, har vi yngreslag på Nes. På Indre Hafslo har vi barnelag. I Balestrand har vi barnelaga ”Addis” og ”Spiren».
Luster Familiemøte arrangerte fast familiemøte annankvar søndag.

Siste året var foreiningsinntektene på kr 509.458,65. Samla inntekter (møteveke, møte og gåver) frå Sogn var kr 1.320.636,73. Det er ein auke på 19% frå i fjor. Samla gåver totalt (fast givarteneste, Utsynblankett, regionblankett o.a.) sendt til misjonen frå Sogn NLM i 2023: kr 1.182.432,99

Årsmøtet 2022 vart halde på Sygna 4. mars. Stein Raunehaug var med som talar. Det var 43 utsendingar frå lag og foreiningar til forhandlingane. Årsmelding og rekneskapen vart godkjend utan merknader. Desse vart valde inn i styret for 2 år: Marit Sofie Hurthi og Åshild Sagevik, attval, Andreas Samnøy, ny.

Styret har i meldingsåret, forutan årsmøtet, vore samla til tre fysiske styremøte på Lyngmo og har handsama 36 bokførde saker. Styret har sett opp reiserutene i samsvar med oppsett frå regionkontoret, og sendt inn talarynskje på landsarbeidarar vår og haust-24.
Styret har og drøfta utfordringar i samband med kjønnsideologi i arbeidet på Lyngmo. Ein ynskjer seg eit «verdidokument» som kan vere til hjelp i vanskelege situasjonar.
Styret ynskjer å fortsetja med å betala 25 % stilling i barne-/ungdomsarbeidet direkte til Lyngmo for å ha kontroll med desse midlane.
Styret er orientert om at Sogn Indremisjon har lagt ned arbeidet og Indremisjonsforbundet trer inn som 50 % aksjeeigar i Lyngmo saman med NLM region vest.

Styret har sidan siste årsmøte vore samansett slik: Marit Sofie Hurthi, leiar, Elisabeth Nygård, nestleiar, Åshild Sagevik, Maria Samnøy Brennsæter og Andreas Samnøy. 1. vara Håvard Sie, 2. vara Kristina Skagen Hess, 3. vara Erik Skjerdal.

*For styret i Sogn Misjonssamband, Marit Sofie Hurthi*

# Årsmeldingar frå MISJONSFORSAMLINGANE

## ASKØY MISJONSFORSAMLING

Det har vært et stabilt og godt 2023 i Misjonsforsamlingen. Vi kan glede oss over en voksende forsamling med god aldersspredning. Vi ønsker gjennom arbeidet i Askøy Misjonsforsamling å nå ut med evangeliet til folk i alle aldre på Askøy, og til de mange unådde på Misjonssambandets misjonsfelt.

**Søndagsgudstjenester og bønnemøter**

Vi har hatt gudstjeneste hver søndag gjennom hele året, men med høytidsgudstjeneste 1. juledag og 1. nyttårsdag. I sommermånedene hadde vi sommermøter, som har en enklere struktur og ramme enn gudstjenestene ellers i året. Månedens misjonsfelt ble markert gjennom hele året.

Foran de faste søndagsgudstjenestene har vi hatt bønnemøte kl. 1030, og hele året har vi også hatt torsdagsbønnemøter kl. 1900. Frammøtet på bønnemøtene har gjennomsnittlig vært 6 personer.

**Strategi og strategiarbeid**

Styret har særlig arbeidet med sammenslåing av Askøy NLM og Askøy Misjonsforsamling, ansettelse av medarbeider og fast givertjeneste. Styret har utarbeidet instruks og søkt regionen om å få en 50% stilling som pastor i forsamlingen. Det arbeides målrettet for å få dette inn i budsjettet for 2024. Styret utarbeidet våren 2023 en skisse til ny strategi som ble presentert på medlemsmøte i september. Utkastet skal opp igjen på et nytt medlemsmøte våren 2024 før det vedtas i styret.

**Frammøte og medlemstall**

Vi har hatt 52 gudstjenester (inklusive sommermøtene) med et gjennomsnittlig fremmøte på 64 personer (gjennomsnitt 54 i 2022). Forsamlingen hadde i 2023 totalt 108 betalende medlemmer (89 i 2022, 81 i 2021). Av disse var 24 barn (19 i 2022).

**Medarbeider**
I 2023 har Cathrine Kvamme Leite hatt en 30% stilling som barne- og ungdomsarbeider i forsamlingen, som til glede for forsamlingen ble økt til 40% stilling fra 1. januar 2024. I 2023 har hun fortsatt det gode arbeidet med tweensgruppen og ungdomsgruppen, og har hatt andakter for Yngste Røster. Hun har også administrative funksjoner i søndagsskolen, og taler på gudstjenester.

**Formiddagstreff**
Det har blitt arrangert fem formiddagstreff i 2023, tre på vårsemesteret og to på høsten. Det har vært gode og innholdsrike treff med forskjellige foredragsholdere. Deltakerantallet er ganske stabilt, mellom 25-30 personer.

**Barne- og ungdomsarbeidet**
Forsamlingen har et stort barne- og ungdomsarbeid, med tjenlige og gode lokaler i Kleppe bedehus. Lederne som arbeider blant barn og unge gjør et stort arbeid, år etter år, og fortjener en stor takk!

**Styret**
Styret var etter årsmøtet i 2023 sammensatt slik: Erik Waaler, leder (valgt -23), Ingunn Nøttveit, nestleder (valgt -22), Rachel Espelid, sekretær (valgt -23), Irene Kleppe Birkeland, styremedlem (valgt -23), Helge Kvamme, styremedlem (valgt -22), Martin Leite, 1. vara, Marit Belt, 2. vara, Torbjørn Ek, 3. vara. Bernhard Belt har vært forsamlingens kasserer uten å møte fast i styret.

**Økonomi**
Det er med stor takknemlighet vi registrerer at forsamlingens medlemmer og andre givere har økt givertjenesten til forsamlingen betydelig i året som har gått. Fast var i 2023 kr. 226.946,00 (2022: kr. 139.173,00). Økningen skjedde etter aksjonen vår på slutten av vårsemesteret

Alle gavene, både til bedehuset/nybygget og misjonsforsamlingen, gir grunn til stor takk.

*Erik Waaler (leder), Rachel Espelid (sekretær)*

# KNARVIK MISJONSHUS

Knarvik Misjonshus er i vekst og utvikling. Talet på vaksne medlemar auka med 37% til 95 i 2023.
Det er gudsteneste med søndagsskule kvar søndag med unntak av sommaren. Ein søndag i månaden er det sosial samling i staden for gudsteneste. Julegudsteneste vart i 2023 arrangert for andre gang med frammøte på om lag 120 personar. Søndagsskulen vedtok på slutten av 2023 å bruke opplegget til Awana. Onsdag kveld er det samtale- og bønesamling, og av og til møte med forkynnarar. Føremiddagstreff med seniorar som målgruppe har vore

arrangert ni gonger. Av ulike smågrupper kan nemnast tre bibelgrupper og minst to sjølvstendige foreiningar som er knytt både til Misjonshuset og IMF eller NLM.

Vegard Hetlebakke vart tilsett som menighetsutvikler i 40% stilling med oppstart 01.01.2024. Han er tilsett formelt i Misjonssambandet, men heile stillinga er tildelt Misjonshuset. Dette er ei prosjektstilling, i første omgang for 2 år. Han arbeider også som krinsleiar i Nordhordland Indremisjon. Det er planar om å tilsette barne- og ungdomsarbeidar i 20% stilling i tillegg.

Laget har stabil økonomi. Årsrekneskapen for 2023 viser eit driftsresultat på kr. 68.404,83. Av kollektane vart totalt 225.192,69 vidaresendt, det aller meste til Nordhordland Indremisjon og Misjonssambandet. I tillegg kjem fast gjevarteneste og andre gåver gitt direkte til organisasjonane. Det er gitt 67.147,71 i kollekt til Knarvik Misjonshus i tillegg til fast gjevarteneste på 212.400.

Styret har hatt følgjande medlemar: Svenning Bjørke (leiar), Joakim Byrknes (nestleiar), Ingunn Nesheim (sekretær), Wenche Øpstebø, Åshild Lande, Alice Byrknes (1. vara) og Magnar Bleikli (2. vara).

Knarvik Misjonshus er eit stort dugnadsfellesskap der vi deler våre ulike gåver med kvarandre. Måtte det vare ved. «*For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei.*» Ef 2.10

# LOGOSKIRKEN

Året 2023 har bydd på mye for Logoskirken. Vi har hatt et godt fellesskap og fått oppleve hva Gud kan gjøre iblant oss.

På årsmøtet 23.4.23 ble følgende valgt inn i **styret**: Arne Meier (formann) Paul Rødstøl (nest-formann), Joakim Fiskå og Edgeir Gunvordal (styremedlemmer) og Anne Marit Roppestad (sekretær), Camilla Aase (1. vara) og Marit Aandal (2. vara).

**Ansatte**: I januar 2023 utlyste Logoskirken stillingen som pastor. Otto Dyrkolbotn fra Midthordland IMF og Per Byrknes fra NLM var i tillegg til tre fra styret med i innstillingsrådet. Vi fikk gode søkere, og ansatte Arve Walde i 80 % stilling, med start 1. august. Midthordland IMF gikk inn med støtte til 20 % stilling i ett år.

**Arve Walde** har i løpet av høsten talt og ledet flere gudstjenester. Han har også hatt ansvar for smågrupper og for å skaffe eksterne talere. Arve har betydd mye for mange i forsamlingen.

**Tora Haarr Skeie** er forsamlingsarbeider i en 20% stilling. Hun har hovedansvar for Awanaklubben og formiddagstreffet. I tillegg er hun administrativ leder for Barnekirken, med kontakt mot Awana sentralt.

Styret er takknemlig for den innsatsen de begge legger ned i Logoskirken.

Logoskirken har 136 **medlemmer** pr 31.12.23. Vi har hatt fine **gudstjenester** med god oppslutning. 3 lovsangsteam gir oss variert lovsang. Ellers har vi fire team med barnekirkeledere, vertskap, kafeteriaansvarlige og teknikere. Der er også bønnevakter på plass hver søndag. Onsdag er det bønnemøte.

I september dro vi på **menighetsweekend** til Helgatun i Myrkdalen. Det ble fjelltur, lek og underholdning. Vitnemøtet lørdagskvelden ble spesielt og åndsfylt. Flere delte åpent og ærlig om livet, noe som igjen ble til god hjelp for andre. Der var forbønn, og vi merket Guds sterke tilstede-værelse. Vi startet også prosessen med å lage visjon og verdier for Logoskirken.

**Logoskirken** fikk være med å bære 3 barn til Gud. 2 døpt og en barnevelsignelse.
I 2023 hadde vi to **bibelhelger**, en med Per Gunstein Nes og en med Jon Roger Nesje.
**Julemesse** i november fylte huset, og bidro med 175.500 til driften.
**Barnekirken** har to grupper, «Cubbies» 0-7 år 9-17 barn og «TnT» 5-12 barn. Der brukes Awana.
**Formiddagstreffet for eldre** Vi får gjester som har en andakt/innlegg fra den organisasjonen de representerer. Godt fellesskap, både åndelig og sosialt. Velsignet med gode medarbeidere.
**Strikkekafeen** 10-15 damer møtes til hyggelig prat og håndarbeid.
**Awana barneklubb** Oppmøtet dette året har vært stigende, spesielt i høst. 12-13 barn. Barneklubben er for barn i 1.-7. klasse. Her brukes også Awana i tillegg til diverse aktiviteter.
**Optimisten** er en klubb for psykisk utviklingshemmede, et samarbeid mellom Birkeland kirke og Logoskirken. Samling en gang pr. mnd. God mat, sang, andakt og «åpen mikrofon», 30-60 deltakere
**Søsterringen** Bedehusforening. Vi samles annenhver uke i peisestuen i bedehuset. Ellers blir det strikking, gode samtaler, mimring om «gode gamle dager» og synging.
**Godt nytt** Kor for voksne – 12-15 deltakere Pianist er Milena Thorkildsen. Slagverk - Stian Larsen. Dirigent - Paul Rødstøl

# LUSTER FAMILIEMØTE

Me har arrangert 18 ordinære familiemøte dette året og to samarbeidsmøte. Familiemøta har vore arrangert søndagar kl. 11 eller kl. 16.

Me arrangerte 10 ordinære møte og eitt kveldsmøte i vårsemesteret. Første møtet i januar inviterte me til 15 års-jubileum for familiemøtet. Dette var ein flott start på det nye året med oppmøte på ca. 80 stk og jubileumskake til kaffien. Vårsemesteret avslutta me med misjonær-innviing for Emely Nicole Amdal. Dette var eit flott arrangement på Lyngmo med ca. 160 personar som kom frå innerst i fjorden til ut i Balestrand. Her var det storstilt besøk

frå hovudstyret i NLM, og nytilsett general-sekretær var også med. Trond Kråvik tala. Etter sjølve møtet var det duka til festkakebord. Dette var ei flott avslutning før sommaren.

Me starta hausten med å slå oss saman med Flatningane-gudstenesta 27. august. Elles hadde me 8 ordinære familiemøte i haustsemesteret.
Det har møtt opp ca 54 personar i snitt på møta dette året.

Søndagsskulen, LUFAS, har i år vore organisert av Viviann Rosvold med støttespelarar, fram til våren. Så tok Debbie Eikum over organiseringa. Dei har følgt opplegget "Sprell Levande" frå Norsk Søndagsskuleforbund.

I tillegg til familiemøte, vart det arrangert ungdomskveldar for dei i 8. kl og oppover. Ungdomskveldane er annakvar fredag frå kl. 19.00. Det har møtt ein flott gjeng med ungdomar, i vårsemesteret har det i snitt vore 24,9 (22,5) deltakarar og i haust-semesteret har snittet lege på 20,3 (27,7). Ungdomsklubben har eit aktivt ungdoms-styre som tek tak i planlegging og god gjennomføring av kveldane i saman med gode vaksenleiarar.
Ungdomane har og samla inn pengar og sendt til misjonsprosjekt i Mongolia.

**Årsmøtet** vart halde 20. mars på Gaupne bedehus. Oppmøte 14 stk.
Det vart gjort endring ift fordelingsnøkkelen ift kollekten, sidan me no har gått over til å betala fast husleige til bedehuset både frå klubben og frå familiemøtet.
Det er og oppretta fast gjevarteneste for familiemøtet.
Årsmøtet vedtok og at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe for vidare arbeid med realisering av utbygging av bedehuset.

Audun Moen, Grethe S. Bondevik og Julia Vigdal Esperås vart vald for to år i fjor, og var difor ikkje på val.
Gunnar Sie, Marit Sofie Hurthi og Wenche S. Eikum tok alle attval for to nye år. Erik Skjerdal tok attvald som revisor for to nye år.
Torbjørn Rygg Haugland blei vald for to år i fjor, og var dermed ikkje på val til valnemnd.
Arne Bondevik blei vald for to nye år i valnemnd.

**Leiarskapet** har hatt 9 møte, og har handsama 39 saker. Leiarskapet har vore samansett slik: Audun Moen: leiar, Grethe Snekkevik Bondevik, Gunnar Sie, Wenche Schanke Eikum, Julia Vigdal Esperås og Marit Sofie Hurthi.

**Kollekten** vert fordelt slik: Familiemøte får 50 % og Misjonssambandet 50 %.

Kollekt i 2023 er på kr: 114.725,- (68.794,-)
Kollekt misjonærinnviing Emely: kr: 25.870,-

*Marit Sofie Hurthi*

# OSTERØY MISJONSFORSAMLING

2023 har vore eit utfordrande år for forsamlinga. Ved årsskiftet var det stor uro, som enda med at tre vaksne medlemmer melde seg ut, og etter eit utsett/ekstra årsmøte i september slutta fem til. Det er sårbart for ei lita forsamling å missa ein tredjedel av medlemane, i tillegg til uvissa og spenninga situasjonen førte med seg.

**Gudstenestene** annankvar søndag har heile tida vore bærebjelken i arbeidet. Vårplanen var lagt då uroa kom. Me starta opp som planlagt, og gjennomførte heile programmet etter planen. Ofte var det gjestar innom, noko som gjorde at frammøtet ikkje var så mykje mindre enn før som det kunne ha vore. Dette har vore med og gjeve mot.

Me har våre gudstenester i oddetalsveker, og hadde 12 om våren og åtte om hausten. Frammøtet har vore på knapt 15 i snitt.

**Smågruppene**

I vårsemesteret var det berre ei gruppe som heldt fram med samlingane. Etter at ting stabiliserte seg igjen, starta også to andre grupper opp igjen etter sommaren.

I vårsemesteret gjekk me gjennom Kolosserbrevet både på gudstenestene og i smågruppa. For hausten var temaet «Dyrebar», med tekstar frå Petersbreva. Det har fungert godt med denne samanhengen mellom gudstenester og smågrupper.

**Bibelhelg**

Etter sommaren starta me semesteret med ei bibelhelg med Jan Rettedal. Med kort frist inviterte me også nokre andre bedehus til samlingane. Eit av dei snudde seg fort rundt og inviterte alle med. Særleg søndag var det fullt hus, noko som var veldig kjekt og ei ekstra oppmuntring.

**Vatn**

Bedehuset har saman med nabohuset hatt vassleidning frå den gamle skulen. Etter fleire brot og lekkasjar på denne, bestemte naboen seg for å laga borehol. Me vart inviterte med på dette, og takka ja til det. Dei ordna det praktiske og me tok halvparten av utgiftene.

**Økonomi**

Den økonomiske bærebjelken er fast gjevarteneste, som me har gjennom Imf. I 2023 vart det gjeve totalt kr 169.200 på denne ordninga, ein nedgang på 11 % frå året før. Me har tidlegare sendt vidare ein god prosent av dette til moderorganisasjonane våre, Nord-hordland indremisjon og Misjonssambandet vest. Det greidde me ikkje dette året. Men me betalte til saman kr 48.000 for talarane me fekk frå dei, som og kan reknast som ei gåve.

Drifta enda med eit underskot på knapt 27.000 kr. Den største utgifta, nærare 90.000, var boring etter vatn. Utanom dette fekk me på slutten av året ei gåve på kr 500.000 frå Valestrand Indremisjon, som la ned laget sitt.

**Tenester**
Det har vore flott å sjå at når nokon går ut av tenester, har andre vore klare til å gå inn i dei. Særleg kjekt var det å få ny pianist. Og det var ei stor glede å få ny talarstol på plass, laga av eit medlem som såg behovet og gjorde noko med det.

**TAKK!**
Styret ønskjer å takka kvar og ein for all deltaking og for fellesskapet gjennom året!

# SALEM MISJONSKIRKE

Vi har hatt et helt spesielt år som kirke. Sju personer kom til tro høsten 2023, og flere av disse er nå med på Alphakurs. Vi har mye å være takknemlig for. I stab har vi kjent ekstra på hvordan det er å få hvile i Guds nåde dette året. Han har vært med og båret kirken vår.

**Storfellesskapet**
**Gudstjenestene** er en av to bærebjelker. Vi har to gudstjenester, men vi er én kirke.

**Lørdagsgudstjenesten** er særlig for unge voksne. Vi har sett mange nye ansikter, vi har fått være med og sende mennesker ut til andre steder i landet og til andre land, vi har fått se mennesker komme til tro og ta imot Jesus, og vi ser stadig mennesker vokse som disipler og ledere. I 2023 har vi i snitt vært litt over 160 stk. på gudstjenester, det er en liten økning. Vi vil gjerne gi en ekstra takk til alle mellomledere og ledergruppen som virkelig har stått på og ledet sine team og med det gudstjenestefelleskapet gjennom året.

**Søndagsgudstjenestene** har vi hatt hver søndag utenom 1. påskedag og i sommerferien. I gjennomsnitt har det vært ca. 160 mennesker til stede. Det har vært fint å komme sammen som storfamilie, og jeg har kjent ekstra på den følelsen dette året, at vi alle er en stor familie.

Fellesgudstjenestene som vi nå har fått inn som noe fast, har vi hatt to ganger i halvåret. Det erfarer vi er til stor glede for alle generasjoner. Nytt i høst var at vi endret tiden fra 11:00 til 12:00, for å imøtekomme studentene som vanligvis går på lørdagen.

**Småfellesskapet**
**Smågruppene**
Det var viktig for de første kristne å samles i hjemmene, der brøt de brødet og hadde fellesskap (Apg 2,46). Det ønsker vi også skal være en viktig del av Salem. Derfor løfter vi smågruppene høyt og jobber stadig med å utvikle og innlemme nye i denne delen av kirken vår. Vi vil at smågruppene i Salem skal jobbe for å oppfylle visjonen vår: vinne, bevare, utruste og sende, til Guds ære, ved å jevnlig samle mennesker i mindre fellesskap hvor de kan dele om livet, vitne synd, be, tilbe og lese og studere Bibelen sammen. Vi vil gjerne takke lederteamet, i tillegg til alle coacher og smågruppeledere som gjør en helt uvurderlig jobb.

**Menighetsplanting**
2011: menighetsplanting ble for første gang nevnt i årsmelding
2019: sendte for første gang 7 personer på et menighetsplantingskurs, M4Ready.
2022: vi så vår første fysiske frukt av satsningen, da Logoskirken ble en virkelighet.
2023: vi har begynt å be og drømme videre. Menighetsplanting begynner å sirkulere i blodet, det begynner å bli noe vi både er og gjør. En konkret person ble utfordret til å være vår neste menighetsplanter. Når og hvor får Den hellige ånd vise vei.

**Bønnemøtene**
«Hvis Herren ikke bygger huset, arbeider bygningsmennene forgjeves» (Sal 127:1). Vi drømmer om en kirke hvor det er Gud som bygger huset. Her er bønnemøtene viktige. Er de direkte skyld i alt det fantastiske som har skjedd blant oss dette året? Det kan vi ikke vite, men vi vet at Jesus sier «be, så skal dere få» (Matt 7,7) og «hvis dere ber Far om noe, skal han gi dere det i mitt navn» (Joh 16,23), så vi skal fortsette å be og stoler på at Gud fortsetter å gjøre store og enda større ting iblant oss.

**Sju nye troende**. Nå er flere av disse ukentlig på Alphakurs i Salem. Den ene av disse utfordrer oss, han har kommet så langt så fort. Den hellige ånd minner han om folk han har gjort urett imot, og han går og banker på dører og ber folk om tilgivelse. Det er salvelse for sjelen i Jesu blod. Han er å se etter gudstjenesten hvor han går rundt og ber for folk. Mer av dette i vår kirke! Mer av dette i våre liv! Takk, Herre, for de mennesker du møter, og takk for det slikt gjør med vårt fellesskap

**Oppsummert og tiden som kommer**
Vi ser stadig nye ansikter og noen nye medlemmer legges til, det er utrolig kjekt! Vi har likevel et stadig ønske om å nå lenger ut, til byen vår og til naboene våre. Vi ønsker at Salem skal være en naturlig plass å invitere med seg folk som ikke går her til vanlig. Vi tror at gjennom forkynnelsen av Guds Ord, storfellesskapet, småfellesskapet, bønnemøtene, menighetsplanting, vårt diakonale arbeid og mer, så kan vi i 2024 nå lengre ut, samtidig som vi bygger et varmt og raust fellesskap.

*Kristin Sætre Odeh (Menighetsutvikler søndag), Mathias Fosse (Menighetsutvikler lørdag) og Gjermund Øygarden (pastor)*

# SAMNANGER MISJONSFORSAMLING

**Styret** bestod av Magne Hitland (leiar), Mirjam Dyrhovden Fjell (nestleiar), Marit Espelid (skrivar), Geir Jarle Skutlaberg (kasserar), Gabriele Zdanciute (medlem), Ivar Berland (1. vara), Joel Dyrhovden (2. vara). Styret har hatt 10 møte og handsama 67 saker.

**Hyrderådet** bestod av Svein Hitland (leiar), Ivar Berland (nestleiar) og Joel Dyrhovden (sekretær). Hyrderådet hadde tre møte i 2023.

**Medlemer**
Forsamlinga har 60 medlemmer, 47 vaksne og 13 born

**Økonomien**
Inntekta for 2023 var kr 528.178,28 (2022 kr 423.236,15) med eit årsresultat på kr 10.465,84 (2022 kr -62.201). Ekstraordinært i rekneskapen er straumstøtte, og at omsetninga til forsamlingsweekenden har gått via vår konto.
I kasse/bank var det pr 31.12 ein saldo på kr 232.087,32 (2022 kr 221.621,48).

**Verksemda**
Forsamlinga eig to bedehus. Formiddagsmøta søndag og andre møte, samt føremiddags-treff og korarbeidet, er på Tysse bedehus. Nesodden bedehus vert nytta til bønemøte, søndagsskule, TenCafé, laurdagsgraut med meir. Antal deltakarar på søndagsmøta var i underkant av 35 personar dette året. Me har hatt to møteveker, fem møtehelger, enkeltmøte og bibeltimar, samt nokre festar med godt oppmøte. Det har vore seks møte med nattverd om våren og fire om hausten, og me gler oss over frimod i fellesskapen vår når me gjev «ordet fritt». Me gler oss òg over at me framleis har fleire trufaste ukrainarane med på søndagsmøta våre, og Andrius Zdancius har difor halde fram med oversetjing av tale til russisk.

Nytt dette året var sommarmøte med eit enkelt opplegg nokre sundagar i ferieperioden. Forsamlingsweekenden gjekk til Raknestunet på Osterøy. Me var 60 påmelde; inkludert 11 flyktningar. 13. august var det møte på Tysse bedehus i samband med at familien Ingebjørg og Torstein Stavenjord skulle reisa til Nairobi i Kenya for NLM, som lærar og sjukepleiar. Jorunn-Marie Haugstad talte og det var forbøn for familien som skulle reisa. Denne dagen meiner me at det var over 100 personar til stades.

Det er krevjande å finna nok talarar i tillegg til dei me får tildelt av IMS og NLM. Me er takksame for alle som har vitja oss for å dela Guds Ord gjennom tale og song dette året.

**Lagsarbeidet**
- **Misjonsforeiningane** har hatt regelmessige samlingar, medan **bibelgruppene** ikkje har hatt samlingar.
- **Føremiddagstreffet** hadde 10 samlingar for seniorar. Frammøte frå 14 til 23.
- **Søndagsskulen** har hatt 26 innskrivne barn dette året og hatt 13 samlingar med eit snitt på 12 born. Søndagsskulen har framleis berre ein hovudleiar, men har fått inn hjelp og vikar ved nokre høve.
- **Ten-Café** har hatt 11 samlingar på våren og 9 samlingar på hausten, med 8-10 deltakarar til vanleg; mange frå «ikkje-kristne» heimar.
- **Barnekoret / KingSing** har hatt 28 innskrivne medlemmar. Korarbeidet har samla ein fin flokk annankvar tysdag og det har vore fleire songoppdrag gjennom året. Kora strevar no med å finna nok leiarar, noko som er eit bøneemne.

**Heimlov**
To av våre trufaste medlemmer, Nella Vikøren og Johannes L Tysse, fekk heimlov i 2023. Me takkar Gud for fellesskapen med dei og tenesta dei fekk gjera mellom oss gjennom lange liv.

**Takk og helsing**
Samnanger Misjonsforsamling driv eit omfattande arbeid på dugnadsbasis og utan fast tilsette. Styret vil retta ei stor takk til alle som er trufast med i tenesta og ber arbeidet både i forbøn og gjerning. Takk til de som jobbar i det stille og kanskje ikkje vert sett i den oppgåva de har teke på dykk. Styret vil oppmoda om forbøn for arbeidet vårt og leiar-situasjonen i barnelaga våre.

*Styret for Samnanger Misjonsforsamling*

# SUNNFJORD MISJONSFORSAMLING

Forsamlinga har arrangert eller vore medarrangør på totalt 28 samlingar. 20 av desse var søndags-/familiesamlingar på Øyrane. I tillegg arrangerte forsamlinga Trygve Bjerkrheim-konsert, sosialkveldar, bowlingdag og jonsoksamling. Konfirmasjonsgudsteneste vart halden på Skilbrei ungdomssenter saman med IMF Bygstad for fire konfirmantar.

**Vekst**
Møtedeltakinga har i gjennomsnitt auka med 5 møtedeltakarar, og ligg no på ca 40 i gjennomsnitt. Sunnfjord Barnelag er utvida til å bli eit felles barnelag for både vår forsamling og Norfellesskapet. Målet er å samle ei totalt større gruppe med barn på Awana under samlingar i begge forsamlingane.

**Tilsetteressursar**
Region Vest søkte på starten av året etter forsamlingsarbeidar/barne- og ungdomsarbeidar i Sunnfjord. Stillinga vart våren -23 tilbode ein søkar, men vedkomande takka nei. Stillinga vart lyst ut på nytt i oktober, og vi er svært glade for at Ingrid Friborg Hoffmann aksepterte tilbod om stillinga i desember.

**Lokale**
Lokalet på Øyrane har vore diskutert på nytt, men er uansett det rimelegaste alternativet. For tida ser styret ingen gode alternativ som tilfredsstiller pris, møtetidspunkt og enkel drift. Utilfreds-stillande kvalitet på lydanlegget vart kommentert på årsmøtet, og det vart gitt økonomisk fridom til kvalitetsforbetringar.

**Samarbeid**
Vi arrangerte ei samling saman med Norfellskapet. Vi har også samarbeida med Norfelleskapet om stand ved ALTI i Førde samt ei adventssamling.
Vi har samarbeida med IMF-Bygstad om konfirmantopplegg.

**Strategi og utvikling**
Styret har nedsett ei gruppe for å utarbeide ny visjon og strategiplan for forsamlinga. Presentasjon er planlagt på årsmøtet 2024.

Takk til alle som har bidrege i forsamlinga i 2023.

*Helsing styret i Sunnfjord Misjonsforsamling: Sveinung Myrene, styreleiar, Bjarte Urnes, styremedlem, Anette Friborg Aase, styremedlem og Anne Margrethe Skjold Olsen, styremedlem*.

# TREMORKIRKEN

**Medlemmer**: I 2023 var det 34 nye medlemmer i Tremorkirken der 17 av dem var voksne og 17 var barn. Nesten alle nye medlemmer er blitt medlem i en husgruppe og alle har fått tilbudet om å være med.
I dag, februar 2024, er vi 268 medlemmer, der 132 av dem er voksne og 134 er barn.

**Kvinnearbeidet**: Vi har hatt fire kvinnekvelder i løpet av året. Kveldene er spesielt fine siden vi får tid til å dele liv og vitnesbyrd oss kvinner imellom. På høsten hadde vi også vår første kvinneleir. Det var en helg med undervisning, tid i bønn og lovsang, og ikke minst felleskap med hverandre. Gud gjorde mye spennende denne helgen, og vi ser frem til framtidige leirer i årene som kommer.

**Barnekirke**: I snitt har vi hatt rundt 60 barn samlet hver søndag for å bli bedre kjent med Jesus. Vi har vært over 90 personer samlet i biblioteket på det meste, og dette har vært utrolig gøy å være med på!

**Tweensarbeid**: Vi har hatt 8 tweenslørdager i 2023. Det har vært et jevnt oppmøte, og vi har vært mellom 25-30 tweens på de fleste samlingene. Vi har ordnet det slik at det er to ungdommer i kiosken og to som er ute blant tweensene. Dette for at de kan bli sett og at de kan kjenne dem igjen når de begynner å gå på Tremornight (ungdomsarbeidet).

**Ungdomsarbeid**: Vi har gjennom 2023 vært i gjennomsnitt mellom 50-60 ungdommer hver TremorNight (Ungdomsmøte). Vi samles først og fremst for et møte med Jesus i sentrum der vi har god tid til lovsang og vi får høre Guds ord, etter møtet har vi café og kjekke aktiviteter.

Våren 2023 fikk vi konfirmere 23 konfirmanter og om høsten fikk vi starte med 11 nye konfirmanter. En flott gjeng, og vi har fått lov å være på to leirer med konfirmantene gjennom UNG:Disippel som NLM Region Vest arrangerer og vi er en del av.

Vi har generelt sett en positiv tendens i arbeidet i høst med sakte vekst der vi ser flere ungdommer på møtene enn i vår og flere som engasjerer seg, og vi har i høst registrert ni

ungdommer som har respondert på at de ønsker å følge Jesus. Det er fantastisk at vi får stå i et arbeid der vi så ofte får se ungdommer ta bestemmelser om å følge Jesus.

**Unge voksne**: I 2023 har vi møttes annenhver torsdag for «Kvelds for unge voksne». Her samles vi for å gjøre noe gøy sammen, ha noe åndelig påfyll og avslutter med kvelds. Vi har gjennom året vært stabilt et sted mellom 15-25 på samlingene, og varierer litt om samlingene er i ulike hjem eller i Tremor.

I løpet av året 2023 har flere mennesker uten en kristen tro vært på samlingene våre og vi så en person gi livet sitt til Jesus. Det fyller oss med så mye glede å se hvordan dette fellesskapet både bevarer kristne og evner å være tilgjengelig for dem som ikke enda tror.

**Velsigna Jul**: Vi startet i 2009, og arbeidet har vokst i omfang hvert år. Julen 2023 hjalp vi 50 familier, 2 større ungdomskollektiv og 13 aleneboende ungdom. I Velsigna jul 2023 ble det gitt ut 65 matkasser og over 150 julegaver.

# VIK BEDEHUSFORSAMLING

Dei fleste arrangementa har stor oppslutnad, og folk gler seg over å koma saman og *driva det kristne arbeidet, slik at menneske skal verta frelste, bevarte og utrusta.*

**Styret:** *Leiar:* Øystein Vik, *Nestleiar:* Cecilie Vik Sætre, *Styremedlemmar og varamedlemmar:* Anette Wastvedt, Magnhild Thomassen, Marit Vatnedalen, Ivar Melaas (1. vara), Åse Vik (2. vara). *Valkomité:* Arvid Vik, Hildegunn Landro, Kjellaug Solsvik. *Revisor:* Erling Vik
*Eldsteråd:* Andreas Evensen (leiar), Ole Kristian Vikenes, Oskar Vik

Styret hadde fem møte i løpet av 2023. Styret har samarbeida godt og tatt føre seg oppgåver som vedkjem ulike arrangement og drifta av bedehuset.

**Eldsterådet** hadde 6–7 møte i løpet av 2023. I tillegg var det fleire fellesmøte med styret. Det vert det brukt tid på bøn, evaluering og finna talarar til storsamlingar og bibeltimar, tema til bibeltimar, samarbeid med andre, rekruttering til eldsterådet

**Storsamling** annankvar søndag, motsett av gudstenester i Blomvåg kyrkje. Storsamlingane har vore avvikla ved hjelp av fleire møteleiargrupper som stort sett består av både musikarar og møteleiarar. Fleire av barna deltek med tekstlesing, musikk eller konkurransar. Til vanleg er det Awana for barna under storsamlingane, når det ikkje er  familiemøte. Ein gong i månaden er det nattverd. Det er gledeleg at nattverden ser ut til å bety mykje både for både unge og eldre i forsamlinga. Etter møte er det lagt til rette for kaffimat der folk kan treffast og prata saman. Frammøte er mellom 60 - 90 personar kvar gong.

**Bibeltime**
Frå 2023 vart det etablert samarbeid med Blomvåg Bedehusforening om bibeltimane. Det

er mellom 20-30 personar som møter på bibeltimane og som kan nyta god kvelds etterpå.

Grunna liten oppslutnad vart **småmøta** søndag kveld endra til sang- og delemøte våren 2023. Desse vart ikkje vidareført på hausten ut frå lågt frammøte.

I 2023 har det vore ti **Torsdagstreff** i Bedehuset der praten har gått både fritt og høglytt under lunsjen, og iveren har vore stor under nyhetsquizen. Gjestar har fortalt om livet sitt og saker dei brenn for til stor interesse for dei frammøtte. Antal deltakarar har variert mellom 20 og 30.

I løpet av 2023 flytta **kvinneforeininga** til loftet på bedehuset. Fleire nye har begynt dette året, og det er no inntil ti kvinner som samlast annankvar måndag. På foreininga har dei kaffimat, deler eit ord frå Bibelen og følgjer ulike samtaleopplegg for smågrupper. Det vert også samla inn pengar til NLM, og kvinnene bidreg med handarbeid til julebasaren.

I mars vart det arrangert **bedehusbasar** med utlodning av flotte gevinstar, og det kom inn omlag 56.000 kr. I november vart det arrangert **julebasar** med sal av ferske bakarvarer, samt utlodning både på årer og loddbøker. Huset var stappfullt av barn og vaksne frå Vik og omkringliggjande bygder. Godsakene frå kafeen var svært populære, og resultatet vart heile 70.000 kr som gjekk til Misjonssambandet sitt helseprosjekt for mor og barn i Etiopia, eit arbeid som er Norad-støtta. Ingrid Torsvik er for tida i Etiopia og engasjert i dette arbeidet.

I 2023 har oppmøte på **Jenteforeininga** halde seg stabilt. Det har kome frå 7 til 22 jenter, i gjennomsnitt 14 kvar gong. Dei har andakt og ein hobbyaktivitet. Nytt av året er at det vert servert vaflar til slutt i samlinga. På sparegrisen kan jentene leggja pengar (10,- kr kvar gong), til Misjonsprosjektet.

**Gutten** er eit tilbod for gutar i førskule- og barneskulealder. I snitt møter 11 gutar kvar gong. Dei har andakt, bøn og utlodning, hobbyaktivitetar og nysteikte vaflar.

**Yngres** vart arrangert annankvar fredag utanom ferietida. Det har i snitt vore 25-30 deltakarar per samling.

**Barnekoret Lyskastaren** har 70 betalande medlemmar. Koret omlag 50 barn som møtest annakvar veke. Koret har eige "orkester" og songgleda er stor. Det vert servert middag for barna og foreldra før øvinga, der 70–110 personar møter til middagen.

**Awana** har hatt samlingar parallelt med dei fleste storsamlingane. Til saman på Cubbies (under skulealder), Sparks (1.-4. kl) og T&T (5.-7. kl) har det vore ca 30 medlemmar.

**Medlemstal**
Det var 87 betalande medlemmar i 2023. Talet er lågare enn det antalet som går fast på bedehuset, så det er potensiale til å auka talet på betalande medlemmar.

**Takk**
Uvurderleg for bedehusdrifta er all forbøn og givarar både i form av kollekt og fast givarteneste. Utan at folk bidreg med dugnadstimar, arbeidsinnsats og pengar - og ikkje minst bøn, har ikkje bedehuset noko grunnlag for drift. Svært mange er med på halda arbeidet i gang. Det vert utført dugnad i form av oppgåver som vasking, matlaging, møteleiing, musikk, snekring og mykje anna. Alle desse er avgjerande for at aktivitetane kan gå sin gang. Styret ønskjer å takka alle saman!

# Årsmeldingar frå SKULANE

## KONGSHAUG MUSIKKGYMNAS

Søkertallene for skoleåret 2023-24 gikk litt ned sammenlignet med 2022, men det var mange som takket ja til plass og vi startet skoleåret med 122 elever. Vi må være forberedt på at vi i årene som kommer må kjempe enda hardere for å få det antall elever som vi ønsker. Vi tok opp 7 elever til vg2 og vg3, noe som er et høyt tall sammenlignet med tidligere år. Til vg1 tok vi opp 40 elever som er én mer enn for fjoråret.

**Livet på skolen og det kristne arbeidet**
I 2023 ble det uvanlig mye politisk arbeid for skolens ledelse, med gode bidrag fra de ansatte, fordi skolen mistet det som kalles «særtilskudd» i statsbudsjettet, som egentlig handler om midler til enetimer i musikk. Dette tilskuddet har skolen fått siden 2001, og i skoleåret 2022-23 utgjorde det 4,3 millioner. Et betydelig beløp som utgjorde ca. 18 % av de totale inntektene våre. I januar dro ledelsen til Oslo og møtte Hordalandsbenken, og videre utover i året hadde vi flere møter og kontakter med ulike grupperinger på Stortinget, enkeltpolitikere, statssekretærer, kommune og fylke. Vi har også hatt et godt samarbeid med Oslo by Steinerskole, som er i samme situasjon som oss. I prosessen har vi møtt mye forståelse, men også motstand, og i skrivende stund er det dessverre status quo i denne saken.

For første gang hadde vi et vårprosjekt sammen med elevene ved musikklinjen på Langhaugen vgs i Bergen. Konserten, med overskriften «Passion», ble først fremført i Skjold kirke bare med Kongshaug og seinere i Skjold kirke sammen med Langhaugen, der de bidro med flere stykker. Ellers bestod konserten av ulike musikkstykker rammet inn av fellesnumre hentet fra den engelske komponisten Bob Chilcotts «St.John Passion», noe som gav en naturlig tilknytning til påsken. Med kor og orkester, og ulike ensembler og instrumentalister fra begge skoler, ble dette en variert og vakker konsert med 140 musikkelever i aksjon. Begge skolene syntes samarbeidet var svært vellykket, og det er godt mulig at vi gjentar det om et par år.

Etter konserten i Nore Neset inviterte vg3 til basar i gymsalen, og det ble også en stor suksess! Masse folk, mange gevinster og god stemning. Elevene hadde forberedt dette svært godt

og gjennomførte med bravur, og det kom inn mye penger til misjonsprosjektet.

I 2023 hadde vi for første gang siden 2019 full eksamensavvikling og vg3-elevene fikk igjen avholde de tradisjonelle eksamenskonsertene. Det ble tre flotte dager med stor musikkglede og god stemning, og venner, familie og tidligere elever som publikum. I tillegg til alle oss som er på skolen til daglig. Selv om dette er både nervepirrende og et stort alvor for vg3-elevene, er det fantastiske musikalske opplevelser for oss som får høre på.

I oktober arrangerte vi høstfest og konserthelg kombinert med elevstevne. Vi hadde først konsert i en fullsatt Os kirke lørdag kveld med fantastisk flott stemning. Som vanlig hadde Terje Kleppe det musikalske ansvaret og elevene stilte med band, strykegruppe, blåsegruppe, kor og solister. Det ble en vakker, rørende og mektig stund. Søndag hadde vi ansvaret for gudstjenesten i Os kirke, der elever og ansatte hadde ansvar for alle ledd bortsett fra prekenen. To elever var også organister og kollekten gikk til Kongshaug. Etter gudstjenesten var det elevtreff på skolen med godt oppmøte. Spesielt 20-årsjubilantene var mange og lagde god stemning. De var det første kullet som gikk på musikkgymnaset.

I november inviterte vi for første gang bygden til raspeballer, med all verdens tilbehør, til en rimelig penge. Dette ble svært godt mottatt av bygdefolket og vi hadde ca. 60 gjester. Også flere tidligere ansatte kom, og det ble koselige samtaler og mimring rundt bordene. Dette var så vellykket at det kommer vi til å gjenta.

Julekonsertene må vi også nevne. I alt gjennomførte vi fem konserter. To skolekonserter pluss en åpen «skumrings»-konsert på fredagen og to konserter lørdagen. Alle var svært godt besøkt, og det var en stor velsignelse for alle som kom for å se og høre de 120 ungdommene våre fremføre det sterke budskapet med innlevelse og stor musikalitet.

Elevene har bønnemøte hver morgen klokken 07.00 og det har vært godt oppmøte. På Torsdagskirke har det vært svært god oppslutning denne høsten, og det er flott å se ungdommenes engasjement i møteledelse, lovsang og bønn. Mange er med i bibelgrupper og vi opplever at elevene er åpne og nysgjerrige og deler tro og liv med hverandre og med ansatte. Vi har innimellom besøk av ulike team fra bibelskoler, folkehøgskoler og andre, som informerer om skolene sine, og noen av dem tar gjerne ansvar på Torsdagskirke eller har en møtehelg. Vi opplever miljøet på Kongshaug som svært godt.

Vi retter en stor takk til venner av skolen og for gaver som er gitt i 2023. Gaveinntektene utgjorde ca. 555.000, en økning på hele 62 % sammenlignet med 2022. Vi vet også at mange husker på oss i bønn, og alt dette er vi svært takknemlige for. Skolen er i en krevende økonomisk situasjon og vi er glade for alle som tenker på oss.

**Elevtall**
Skolen er godkjent for 185 elever og har to klasser pr trinn. Elevtilskuddet fra staten beregnes ut fra summen av heltids- og deltidselever, og var pr. 1. april 117,71 og pr. 1. oktober 119,39 heltids-elever.

**Arbeidsmiljø og ansatte**
Kongshaug musikkgymnas hadde 44 ansatte fordelt på 33,82 årsverk i regnskapsåret 2023. Det generelle arbeidsmiljøet er godt og trivselen god. Sykefraværet blant pedagogisk personell er på 1,57 % og blant det øvrige personalet 2,04 %. Totalt hadde virksomheten et sykefravær på 1,70 %, noe som er en betydelig nedgang fra fjoråret pga. få langtidssykemeldinger. Dette ser vi på som svært akseptabelt. Resultater fra arbeidsmiljøundersøkelse og medarbeidersamtaler med alle ansatte forteller om et inkluderende og godt arbeidsmiljø. Det arrangeres flere sosiale sammenkomster i løpet av et år og annethvert år arrangeres det en personaltur over flere dager.

**Ytre miljø**
Det ble i 2022 investert i nytt tak med integrerte solceller på administrasjonsbygget. I 2023 har anlegget produsert i overkant av 70.000 kWh.

**Regnskap og sammenligning av årsoppgjøret**

| | 2022 | 2023 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 37.649.106 | 35.729.040 |
| Driftskostnader | 38.774.008 | 36.720.794 |
| Gaveinntekter | 342.433 | 554.861 |
| Årsresultat | -1.660.110 | -1.780.789 |
| Total pantegjeld | 8.217.294 | 7.726.214 |

Langsiktig gjeld til Sparebanken Sør ble redusert med kr 491.080
Det er foretatt full avskriving.

*Styret for Kongshaug musikkgymnas AS - Ingvill Kvalsnes Blom, Jostein Myklebust, Olav Rune Skutlaberg, Lene Innerdal, John Økland, Henning Iversen (rektor)*

# SYGNA vgs

Elevtal vår: 151 Elevtal haust: 147

**Personalet**
Personalsituasjonen var ganske stabil i 2023. Likevel var det nokre utskiftingar:
Idrettsassistent Karen Emilie Jonasmo slutta som idrettsassistent i juni. Martin Skjerdal starta i ei delt stilling som idrettsassistent (50%) og miljøarbeidar (50 %) 1. august.
Miljøarbeidarane Birgitte Sørskår og Marie Fløtre Dahl slutta i juni, medan Mona Troland kom inn som miljøarbeidar (100 %) og Solveig Birkeland starta som miljøarbeidar (80 %) og internatmedarbeidar (20 %) frå 1. august.
Sigrid Bøgeberg slutta i stillinga som skulesekretær/elevassistent i juni. Det vart ikkje tilsett ny skulesekretær, medan Thomas Bashay starta i ei deltidsstilling som elevassistent hausten-23.
Elisabeth Frafjord Nessa starta opp att som lærar etter tre års permisjon 1. august.
Anne Kari Tolo Heggestad avslutta vikariatet sitt som lærar våren 2023.
Karina Borodkina vart tilsett i 10 % stilling innan marknadsføring frå 1. august.
Henning Birger Sagevik gjekk ut i permisjon frå 1. august. Samtidig fekk Johannes Nilsson

oppgåver innanfor elevrekruttering og Vegard Nessa hadde delvis farspermisjon. Alle desse lærarane er knytt til idrettsseksjonen. Anne Aune Neerland og Per Skjæveland vart difor tilsette i vikariat frå 1. august.
Martin Holskar slutta i stillinga som ungdomsleiar våren 2023. Det vart ikkje tilsett ny ungdomsleiar, men oppgåvene vart delt mellom Kurt Arild Ohma (det kristne arbeidet), Aud Laila Heier (arrangement) og Louise Nilsson (oppfølging av miljøarbeidarane).
Anne Margrethe Kråvik gjekk inn i ca 40 % undervisningsstilling frå 1. august.

**Møteverksemd**
Det har vore faste møte kvar torsdag heile skuleåret. Ein tilsett har hatt ansvaret for å setje opp andaktshaldarar. Elevane bidreg med møteleiing, teknikk, song, musikk, vitnesbyrd, pynting, osb. Det har vore fire møteveker med besøk av Marit Andersen (januar), Harald Tjervåg (mars og november) og Sverre Hovda (september). I tillegg har vi hatt besøk av Fjellhaug, Fjellheim, Bildøy, Bibelskulen i Grimstad og Helgeland folkehøgskole. I mars hadde vi møtehelg med Vision-teamet frå Oslo. I haust vart ein elev døypt på skulen.

**Bibelgrupper**
På Sygna har vi bibelgrupper annankvar tysdag for alle elevar som har lyst til å delta. Gruppene samlast heime hjå personalet. Dette skuleåret er det 83 påmelde elevar.

**Sygnahelg**
Utreiser har vore prioritert i 2023. I løpet av hausten reiste fire bilar til Rogaland, to til Hordaland, ein til Møre, ein til Trøndelag og ein til Austlandet. Utreisene er sosiale og kjekke for elevar og personalet, i tillegg til at vi får reklamere for Sygna. Vi har besøkt både ungdomsklubbar og ungdomsskular.

**Kor**
I oktober starta vi opp med gospelkor. Ca 20 møtte til kvar øving og vi hadde vår første opptreden på julekonserten i kyrkja i desember. Det er lenge sidan vi har hatt eit organisert kor på Sygna og vi opplever at dette er ein kjekk aktivitet for dei som er med.

**Russen sitt misjonsprosjekt**
Russen på Misjonssambandet sine vidaregåande skular har god tradisjon for å samle inn pengar til prosjekt i Misjonssamband-regi. Sygnarussen valde Sør-Amerika som misjonsprosjekt og samla inn kr 600.000,- som gjekk til arbeidet Misjonssambandet har i denne regionen. Russ 2024 har vald arbeid i Vest-Afrika som sitt misjonsprosjekt.

**Sosialpedagogisk arbeid**
Vi held fram det gode og omfattande sosialpedagogiske arbeidet vårt. Dette er eit samarbeidsprosjekt for heile personalet og vi får òg hjelp frå elevane.

Fredagskvelden og laurdagskvelden er viktige i arbeidet for eit godt miljø. Vi ønskjer å skape sosiale arenaar og arrangement der elevane kan bli kjende både med kvarandre og oss i personalet.

Kvar fredag har Vg2-elevane ansvar for å drive kaféen. Inntektene går til misjonsprosjektet. I tillegg prøver vi å ha eit enkelt arrangement.

Målet for laurdagsarrangementa er at desse skal vere så kjekke at elevane aktivt vel å delta. Det er som regel mange elevar på Sygna i helgane og då er det kjekt at det skjer noko. Desse arrange-menta er eit samarbeid mellom miljøteamet og resten av personalet. Vg3-elevane har ansvar for nokre arrangement.

**Vedlikehald og investeringar**
Det har ikkje vore store investeringar i 2023, men eit større prosjekt med fullføring av SD-anlegg (straumstyring) i skulebygget vart fullført dette året. Anlegget gjer at vi kan styre temperaturane i alle rom og vil truleg få ned straumforbruket. Fokuset har elles vore å fullføre påbegynte prosjekt og vanleg vedlikehald.

I tillegg nemner vi:
- Det er sett inn to nye glasfasadar i skulebygget. Dei gamle fasadane var u-isolerte og trekkfulle.
- Det vart drenert rundt Sygnavegen 17 (personalbustad). Arbeidet vart gjennomført av eigen arbeidskraft, men med innleigd gravemaskin.
- Etter tilsyn frå Sogn brann og redning, vart det nødvendig å oppgradera systema som dokumenterer brannarbeidet. Dette har ført til nokre kostnader og ein god del administrativt arbeid.
- Det er installert trappeheis i skulebygget.
- Det vert arbeidd med å finne alternative oppvarmingskjelder til skule- og økobygg. Ein har undersøkt solcelleanlegg, varmepumpeanlegg og ved-/flisfyring. Det vert no arbeidd med å få vurdert oppvarming ved hjelp av gass.
- Taket på 6-bilgarasjen ved UH er reparert.

**Orientering om årsrekneskapen (førebels)**
Årsrekneskapen for 2023 syner eit underskot på kr 4.760.854,- medan årsrekneskapen for 2022 hadde eit underskot på kr 2.652.803,-

To år med store underskot har gjort det nødvendig å få styrka eigenkapitalen frå eigar.

2023 har vore eit år med høge straumprisar, og elevsøknad til skuleåret 2022-2023 og 2023-2024 var låg. Det er fokus på å redusere kostnadar og i samband med det arbeider ein aktivt med straumsparingstiltak. Større vedlikehaldskostnadar er utsett.

Ein jobbar også aktivt med marknadsføring og utreiser til skular og menigheter for å rekruttere elevar. Det er sett i gang eit arbeid med langtidsbudsjett, der ein arbeider med tre ulike scenario: eitt med høgt elevtal, eitt medium-alternativ og eitt scenario med lågt elevtal.

**Gåver**
Både fast gjevarteneste og enkeltgåver har auka, og i 2023 fekk skulen 1,5 millionar kroner i gåver. Sygna er takksam for alle gåver som er komne inn som fast gjevarteneste og

enkeltgåver. Gåvene vi får inn er eit konkret og synleg bevis på omsorga som blir vist både til styret, tilsette og elevane på skulen. Vi treng mykje forbøn. Sygna vart starta opp i tru til at Gud hadde ein plan med skulen. Vi har opplevd å leve i denne planen og ønskjer framleis å få vere i Gud sine omsorgsfulle hender.

# DANIELSEN SKOLER

Skolebevegelsen Danielsen består av Egill Danielsen Stiftelse og åtte skoler:

- Danielsen Videregående Skole. Rektor: Birger Danielsen
- Danielsen Intensivgymnas. Rektor: Tone Monsen
- Danielsen Ungdomsskole Bergen. Rektor: Torill Belt Fagermoen
- Danielsen Barne- og Ungdomsskule Sotra. Rektor: Alexander Jensen
- Danielsen Ungdomsskule Osterøy. Rektor: Jostein Fossmark
- Danielsen Ungdomsskule Frekhaug. Rektor: Cato Risøy
- Danielsen Ungdomsskole Haugesund. Rektor: Odd-Erik Eriksson
- Danielsen Ungdomsskole Karmøy. Rektor: Jostein Skartveit

Bak Danielsen-skolene står Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband, som oppnevner representanter i skolenes styrende organer.

**Må fylles med innhold**
En skole er ikke en kristen skole uten at den drives av ansatte som brenner for skolens kristne målsetting. Det er en prioritert oppgave for oss å holde denne bevisstheten levende hos alle ansatte. Vi arrangerer derfor både personalkonferanser, lederkonferanser og fagdager der vi blankpusser profilen vår og styrker kompetansen på å drive gode kristne skoler. Alle nyansatte gjennomgår også et introduksjonsprogram.

**Fokus på misjon**
Skolene har hver sine misjonsprosjekter. Mange av prosjektene går over flere år. På denne måten blir elevene godt kjent med misjonsarbeidet og med misjonærer som kommer på besøk. Skolene sender også elever og lærere på besøk til misjonsfeltene for å se hvordan de aktuelle prosjektene drives, og for at disse elevene skal informere resten av skolen når de kommer hjem. Hvert år samles det inn betydelige beløp til de ulike prosjektene.

**Bygging**
De senere årene har ungdomsskolene våre på Osterøy og Frekhaug fått nye og permanente lokaler. Ungdomsskolen på Karmøy tok i bruk ny skolebygning i mars 2023. Ungdomsskolen i Haugesund har dispensasjon til å være på nåværende tomt fram til høsten 2024. Skolen flyttes til et annet sted i byen, rett over grensen til Karmøy kommune, hvor vi er i gang med bygging. Vi planlegger å flytte inn til skolestart i august 2024. Da vil alle de åtte skolene våre være i permanente lokaler.

**Rammevilkår**
Kristne skoler generelt har tøffe økonomiske vilkår. Når Danielsen-skolene nå er i ferd med å fullføre nybygg på den fjerde skolen på få år, har også vi svært stram økonomi de nærmeste årene. Vi er spent på hvordan de økonomiske rammevilkårene for kristne skoler vil utvikle seg i tiden som kommer.

**Nytt studietilbud**
Danielsen vgs har nylig fått godkjenning for å starte opp utdanningsprogrammet «Informasjons-teknologi og medieproduksjon».

**Ny lederstruktur**
For å styrke det faglige tilbudet og legge til rette for større kollegialt samarbeid, vil Danielsen vgs og Danielsen Intensivgymnas fra skolestart høsten 2024 ha felles rektor og ledergruppe. Tone Monsen blir rektor og Birger Danielsen assisterende rektor for de to skolene.

**Takk**
I vedtektene for Danielsen-skolene står det blant annet at «skolen vil i alt sitt arbeid gjøre Kristus kjent for elevene slik at Han kan bli trodd og etterfulgt». Det er et stort privilegium å få stå i en slik tjeneste overfor bortimot 2000 elever og sammen med omkring 300 ansatte. Først og fremst er vi takknemlige til vår himmelske Far, men takken går også til alle gode medarbeidere, og til alle som husker skolene våre når de ber.

*Hilsen Egill Danielsen Stiftelse og rektorene ved Danielsen-skolene*

# NLA HØGSKOLEN

NLA Høgskolen er en kristen høgskole som ønsker å stimulere til personlig vekst og utfordre til aktivt engasjement i skole og samfunn, nasjonalt og globalt. NLA Høgskolen baserer sin drift på statstilskudd, studieavgift og gaver, og driver virksomheten ut fra fire campuser i Bergen, Oslo og Kristiansand. Høgskolens formål er å fremme danning og dyktiggjøre mennesker til tjeneste ut fra en kristen forståelse av natur, menneske, kultur og samfunn.

Høsten 2023 hadde NLA 2746 studenter, noe lavere enn året før. Det har vært nedgang i antall studenter i lærerutdanningene i 2023, mens antallet studenter har økt mye innenfor musikk og økonomi og administrasjon (Hauge School of Management). Høsten 2024 planlegges det for å etablere Hauge også i Bergen. NLA arbeider med å utvikle fleksible utdanningstilbud som også kan etableres som desentraliserte utdanninger, og har i 2023 opprettet et studiesenter i Trondheim i lokaler eiet av Normisjon, med studieoppstart høsten 2024. I Trondheim vil vi tilby utdanning innen Praktisk teologi og ledelse, noe som har blitt etterlyst av et relativt bredt utvalg av menigheter og kirkesamfunn i regionen.

NLA Høgskolen har over 300 ansatte, tilsvarende 289 årsverk. Forskning er hovedsatsingsområde i strategiplanen for perioden 2021-2025. Foreløpige tall for 2023 knyttet til forskningsproduksjon viser 164 publikasjonspoeng, en økning på ca. 30 poeng fra 2022. Høgskolens publisering pr faglige årsverk i 2023 (0,88 poeng) er godt over snittet i 2022 for statlige og private høgskoler. I 2023 har fem ansatte fått opprykk til professor, en til dosent, tre til førsteamanuensis, og seks til førsteskolelektor. Samlet forskerkompetanse økte fra 55 % til 62 % i samme periode.

NOKUT igangsatte revidering av NLA Høgskolens akkreditering som høgskole i 2020. Dette ble slått sammen med NOKUTs tilsyn av høgskolens kvalitetssystem. Kvalitetssystemet ble godkjent av NOKUTs styre i oktober 2022. Bakgrunnen for akkrediteringstilsynet var bekymringsmeldinger om NLAs praktisering av prinsippet om akademisk frihet samt indikasjoner på lav og synkende FoU-produksjon, slik NOKUT vurderte det. I desember 2021 konkluderte styret med at NLA oppfyller lovens krav om å fremme og verne akademisk frihet, mens komiteens konklusjoner om fagmiljø og forskning på visse områder ble fulgt opp med noen krav som må innfris i løpet av to år. Høgskolen mener at NOKUTs krav til oppretting er innfridd, og sendte inn dokumentasjon på dette i juni 2023. En ny sakkyndig komite er opprettet og det forventes at NOKUT kan sluttbehandle saken høsten 2024.

Resultatet for 2023 viser et underskudd på 3,4 millioner kroner, pga. en bokført husleieavsetning på 15,9 millioner. Det skyldes flyttingen av lærerutdanningen fra Breistein til Kalfaret i Bergen sentrum ved årsskiftet 2023-2024, og noe gjenværende husleieforpliktelse for campus Breistein. Det jobbes videre med innflytting i mer moderne lokaler i både i Oslo og Bergen (Kanalveien 90). Endelig styrebeslutning for studiested i Oslo (Staffeldtsgate), er planlagt våren 2024. Gaveinntektene er viktige for NLA, og det vekker bekymring at trenden for frivillige gaver peker nedover.

Vi vil takke alle som har bidratt i bønn og offer til NLA Høgskolen.
Du kan lese mer om høgskolen på nla.no.

# Årsmeldingar frå andre INSTITUSJONAR

## BARNEHAGANE

I 2023 har NLM-barnehagane førebudd å endre namnet til Preg barnehagar. Saman med visjonen: «Saman om å sette verdifulle spor» gir namnet uttrykk for kva vi ønskjer med barnehagane. Vi ønskjer å vere med og sette eit godt preg, sette verdifulle spor i barn, foreldre og tilsette.

Vi vil at alle skal få oppleve kjærleik, vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdfulle. Med Jesus som forbilde skal vi møte alle med respekt og toleranse.

*Blomvåg barnehage* har 4 avdelingar. Her er det også gode lokale som kan brukast til ulike formål når barnehagen ikkje har bruk for dei. Mellom anna vil bedehusarbeidet som var i Blom bedehus, som no er rive, bli lagt til fellesromma i barnehagen. Hilde Sture Ervik er styrar i barnehagen.
*Solgløtt barnehage* på Laksevåg har to avdelingar. Mange av foreldra i barnehagen er minoritets-språklege. Gerd Gåskjenn Askeland er styrar i barnehagen.
*Løveparken barnehage* i Fjell har 4 avdelingar. Asbjørn Froli Haugstvedt er styrar.
*Hordvik barnehage* i Åsane har 2 avdelingar med til saman 5 grupper. Dagleg leiar er Hanne C. H. Dyngeland.
*Toftøy barnehage* i Øygarden har 6 avdelingar. Olaug Rong er styrar.
*Fridahuset Steinrusten barnehage* på Askøy har 5 avdelingar. Dagleg leiar er Nina Vikøren.
*Salem åpen barnehage* blir driven i samarbeid med Salem Misjonskirke og Salem Nærmiljøsenter. Elisabeth Lægreid Helgøy er styrar i barnehagen.
*Ulset barnehage* i Åsane eig vi saman med Nordhordland Indremisjon. Dagleg leiar er Bente Hatten Tvedt. Barnehagen har tre avdelingar.
*Knarvik barnehage* i Lindås eig vi òg saman med Nordhordland Indremisjon. Dagleg leiar er Agnes Sønstabø. Barnehagen har 6 avdelingar.
*Heimly barnehage* i Åsane er eigd av Heimly bedehus som er tilslutta ulike organisasjonar. Dagleg leiar er Bente Søfteland. Barnehagen har 2 avdelingar.

Ca 550 born får dagleg omsorg i ein kristen barnehage. Vi er svært takknemlege for det gode arbeidet som våre tilsette gjer i barnehagane. Det betyr mykje for borna og familiane deira. Det er flott å få vere med og formidle evangeliet til borna og heimane deira. Barnehagane ønskjer saman med foreldre og misjonsfolket å sette verdifulle spor i borna.

I Salem åpen barnehage kan born og foreldre kome saman med andre i same situasjon. Barnehagen gir ein flott kontakt med menneske som vi ikkje når gjennom møteverksemda vår. Barnehagen gir også høve for nye landsmenn å kome saman med andre og få nye vener og få kjennskap til norsk kultur og kristne verdiar.

Regionstyret har vore opptekne av korleis vi kan knyte barnehagearbeidet og resten av arbeidet i regionen tettare saman.

# GJENBRUKEN ASKØY

Året 2023 er det beste året vi har hatt med hensyn til omsetningen. Det kom inn kr 1.809.424, det er kr 264.213 mer enn året før. Herav er kr 99.420 inntekter for klær som ble sendt til Øst-Europa og metallgjenvinning. Vi har hatt 3 salg med 50 % på alle varer, det er populært blant kundene, og vi nærmest dobler inntektene de ukene.

Vi har fått ryddet en del på loftet. Det kommer inn mye varer, så det vil stadig bli mye å ordne opp i. Vi har nå fått et greit system der vi har mye bedre oversikt.

Medarbeiderflokken har vært stabil og har stilt trofast opp både i butikken, på dugnaden, ved henting av klær fra boksene og med regnskapet. Alle gruppene legger ned et fantastisk arbeid for butikken. Noen har måttet gi seg pga. helsen, men vi gleder oss over at nye medarbeidere har kommet til. Det er positivt at vi hver uke får bilde av salgsvarer lagt ut på Facebook og andre sosiale media. Ved at bilder blir lagt ut på nettet, har vi fått flere tusen følgere som på den måten er innom butikken. Det er ingen tvil om at Facebook har hjulpet oss å få opp omsetningen. I tillegg har vi hatt annonser i Askøyværingen foran salg.

Innsamlingen av klær fra boksene har gått greit. Vi har hatt ei god gruppe som har tatt seg av dette. Hele året har boksene blitt tømt ukentlig. Vi har hatt to forsendelser til Polen av ting og tang, butikkretur og klær fra boksene. Det har blitt sendt ca. 35 tonn. Lasting av traileren er et tungt arbeid, så vi har leid et transportbånd som gjør arbeidet lettere.

Vi har hatt ei prøveordning med utvidet åpningstid på torsdagene til kl. 19.00. Dette gav lite utslag på besøkende og på salget, så vi er gått tilbake til å stenge kl. 17.00 også på torsdagene. Det har vært god stemning i butikken, og kundene gir uttrykk for at butikken er fin, og at det er kjekt å komme her. Dette er en viktig målsetning for oss.

I september hadde vi en medarbeidersamling sammen med de som jobber på Gjenbruken på Haukeland, med god mat og fin underholdning. Slike medarbeidersamlinger er viktige for å styrke samhørigheten og fellesskapet i butikken.

Vi hadde årsmøte 10. mai. Oddvar Risøy fortsatte som styreleder og Terje Frafjord som butikkleder.

Styret har hatt 5 styremøter og behandlet 34 saker. Styret består av styreleder Oddvar Risøy, nestleder Sigrunn Rob, sekretær Astrid Hauge, styremedlemmene Nils Håkon Urangsæter og Øivind Grytaas. 1. vara Magny Rønhovde, 2. vara Harriet Meling

Vi vil få takke alle våre trofaste medarbeidere for en god innsats i året som har gått.

*Oddvar Risøy, styreleder*

# GJENBRUKEN BERGEN

NLM Gjenbruk Bergen, på Haukeland/Arna, har vore i drift i 14 år, men no vert dette den siste årsmeldinga frå denne staden. Vi er takksame for desse åra vi har vore på Haukeland, men ser fram til å flytta til nye lokale på Nyborg i Åsane våren 2024. Desse lokala er meir

tilrettelagt, og det er lettare og betre arbeidsforhold for medarbeidarane m.a. med alt på eitt golv i 1.etg.

Året 2023 har vore eit godt år, og også dette året har vi hatt god tilgang på varer og eit godt sal. Vi skuldar også i år koma med ei stor takk alle medarbeidarane og gjevarane som gjer det mogleg å driva denne butikken. Utan gjevarar og gode medarbeidarar hadde vi ikkje lukkast så godt som vi no gjer.

Årsmøtet var i år i Betania Bedehus Lone 18. april. Formann Kjell Mjelstad ønskte velkomen. Det var 36 frammøtte og av desse var det 32 røysteføre. Bjørg Mæstad hadde misjonsinnslag og regionleiar Per Byrknes hadde helsing frå regionen. Torhild Stav Skare, Bjørg Stormark og Karl Magnus Valle var også med og gledde oss med fin song og musikk. Før sjølve årsmøtet hadde vi matøkt med pizza og brus, kaker og kaffi. Etter mat fekk Knut Mæstad ordet til orientering om rekneskapen for 2023.

Resultatet ved val av styret vart: Osvald Hindenes vart vald som formann for eitt år. Kjell Mjelstad, Elisabeth Moslått Jonassen og Yngvar Sirevåg vart vald inn i styret for 2 år. Ove Fotland vart vald som 1. vara og Knut Mæstad 2. vara.

Butikken har mange kundar i løpet av året og stadig nye kundar oppdagar dette tilbodet. Tilbake-meldingane vi får er positive og gode. Medarbeidarflokken er stabil og nye har også begynt dette året. Men vi ønskjer at fleire melder seg til dette viktige arbeidet. Gjennomsnittsalderen på med-arbeidarane er høg, men det kan ingen sjå på det arbeidet som vert utført i butikken. Alle tek ansvar og frammøte er stabilt godt.

Sjølv om medarbeidarane i periodar er borte pga. reiser, besøk til familie andre stadar i landet og litt sjukefråvær, så har vi likevel hatt butikken open kvar veke gjennom heile året, med unntak for tre veker i juli. Også dette året har vi hatt open butikk frå onsdag til laurdag, med dugnadsarbeid både måndag og tysdag. Tysdag er det henting av varer og utkøyring. Gruppa som har dette ansvaret får mange lovord frå gjevarar og kundar.

Samlingsstunda før vi opnar og felleslunsjen på tysdagane er viktig. Det er gode fellesskapsstunder der samtalen går fritt. Der deler vi også ord frå Bibelen og bøn .
Når vi ser tilbake på dette året, har vi hatt eit godt fellesskap og mange av medarbeidarane gjev uttrykk for at butikken er ein viktig møteplass og er med og aukar livskvaliteten til den enkelte. Ei stor takk til alle dykk som gjer det mogleg å drive denne viktige butikken!

I styret dette året har vore formann Osvald Hindenes, nestformann Kjell Mjelstad, skrivar Torild Stave Skare, styremedlemer Elisabeth Moslått Jonassen og Yngvar Sirevåg, og butikkleiar Martin Risøy. 1. vara Ove Fotland og 2. vara Knut Mestad.

*Osvald Hindenes, formann, Martin Risøy, butikkleiar*

# pTro

**pTro – med Jesus til deg og naboen din**
pTro er en regional lokalradio som er en forening i Misjonssambandet. Medlemmene i foreningen er regionene Vest, Sørvest og Sør i tillegg til Hovedkontoret.

pTro sender på DAB i mange deler av landet, og på internett og app i hele verden. Vi ønsker å være en tydelig kristen stemme i virvaret av stemmer som fins der ute. Fusjonen pTro ble fem år mars 2023, og i over 40 år har vi (gjennom våre forløpere) fortalt om Jesus til Norge. Takknemlige lyttermeldinger både fra nye områder, og i de tradisjonelle områdene for Radio Gnisten, Gimra og Radio Sørvest, gir stor frimodighet. På radio kan hvem som helst lytte, og vi vet det er mange som ikke ennå kjenner Jesus som lytter. Så ser Jesus den ene og vi kan gjennom sendingene våre nå hver enkelt med det livsforvandlende budskapet – om Jesus som gir frelse, håp og framtid.

**Våre sendinger**
Variert kristen musikk, troshistorier og andaktsstoff er vår hovedmeny. I løpet av året fikk vi en ekstra direkteflate, pTro-lunsj. Nå har vi altså fire hovedprogram, 7te9 (kl 07-09, GodHverdag (kl 9-11) pTro lunsj (11-13) og pTro-kontoret (15-17)

**Verden for Kristus** er Misjonssambandet sitt motto, og pTro er et viktig redskap i dette arbeidet. Vår visjon er *Med Jesus til Norge*. Vi ønsker å være en variert radio både i forhold til musikk vi spiller og mennesker vi intervjuer. Vi ønsker å formidle det kristne budskapet på en lett forståelig måte til personer som ikke kjenner dette fra før, samtidig som vi ønsker å gi påfyll og inspirasjon til kristne i hverdagen – også dem som av ulike grunner ikke kommer seg på møter.

**Personalet:** Totalt 6,7 årsverk (med 20 % innleid fra region Sør) var ansatt i radioen ved utgangen av 2023. Frivillige medarbeidere støttet opp etter behov, særlig i forbindelse med Respons-aksjonen og Møtetimen, og vi ulike som bidrar i serien Refleksjon og MinMusikk. Vi får også ulike andaktsserier fra Norea, og podkaster fra ulike leverandører som vi sender på kanalen vår. Vi er tilstede på ulike arrangementer og har konserter og retrokvelder gjennom året, foreløpig primært i Rogaland. I 2023 var vi med og arrangerte ei uke på Fangekasa bibelcamp, vi hadde stand på Skjærgårdssang og The Send (Stavanger) og var også tilstede med stands på de ulike regionsmøtene for Misjonssambandet i Sør, Sørvest og Vest.

**Kontor**: Våre kontorer og studioer er lokalisert i Sandnesporten  i Sandnes, i Salem i Bergen og på Gimlekollen i Kristiansand. I tillegg har vi et lite innsamlingskontor på Hamar.

**Gaver** er vi avhengige av i vår giverfinansierte kanal. Vi har litt sponsor- og reklameinntekter men det meste kommer i form av gaver fra våre lyttere. Vi har to aksjoner som vi kaller Respons vår og høst, og i tillegg har vi i 2023 startet opp med Vippsdager, noe som har vært en suksess. Vi merker at lytterne også ønsker pTro. Vi ønsker oss en bærekraftig økonomi

som er forutsigbar, og derfor oppfordrer vi stadig flere til å bli faste givere til dette viktige misjonsarbeidet som radioen er. Tusen takk for forbønn og støtte – sammen når vi både deg og naboen din med det aller viktigste – budskapet om Jesus.

*Anne Birgitte L. Bø, redaktør*

# SALEM NÆRMILJØSENTER

I 2023 kunne Salem Nærmiljøsenter feire 20 år som frivilligsentral. Dette ble markert med en frivillig- og jubileumsfest 3. november.
Høsten 2023 ble Teatergaten kafé hedret med Demensprisen 2023 og med Bergen kommunes frivillighetspris.

Med mottoet «Lysere hverdag» ønsker Salem Nærmiljøsenter gjennom frivillig innsats å bygge fellesskap, skape engasjement og formidle hjelp i nærmiljøet.
Stillinger i Salem Nærmiljøsenter: Daglig leder: Runar Wold Slettebø (20 %) og Jorunn-Marie Haugstad (80 %).

**20-ÅRSJUBILEUM**
Frivilligsentralen Salem Nærmiljøsenter ble dannet 1. august 2003. 20-årsjubileet til Salem Nærmiljøsenter ble feiret ved en stor frivilligfest 3. november, der Misjonssambandet region vest, Salem Misjonskirke Bergen og Salem Nærmiljøsenter inviterte sine frivillige til en felles markering.
Det var appell ved Harald Berge Breistein, underholdning ved Solveig Algrøy og hilsen ved region-leder Olav Rune Skutlaberg. Daglig leder Jorunn-Marie Haugstad og Jorunn Bergo Aarvik tok fram hendelser og opplevelser i frivilligsentralen gjennom disse 20 årene. Det var middag og kaker til de ca 100 deltakerne.

**Familiearbeid**
Salem Åpen Barnehage. Jorunn-Marie Haugstad bruker en dag annenhver uke i barnehagen. En familie med to barn har barnepass.

**Besøk, følgetjeneste og praktisk hjelp**
Tjenesten gjøres i samarbeid med hjemmesykepleie, pårørende og tjenestemottakeren selv. Det var forespørsler om følge til lege, besøk, turvenner og praktisk hjelp med handling og annet.

Spisegruppe i samarbeid med Bergen kommune ble drevet for beboere ved Kolstihagen omsorgs-bolig på våren. Fra høsten ble spisegruppen flyttet til omsorgsboliger ved Engensenteret i Bergen sentrum.

Teatergaten kafé på Engensenteret for hjemmeboende demente og deres pårørende ble startet ved flere aktører i 2018. Her er det trivsel og hygge. På Alzheimerdagen høsten 2023

ble Teater-gaten kafé tildelt Demensprisen 2023 fra Nasjonalforeningen for folkehelsen, og senere fikk de Bergen kommunes frivillighetspris.

**Norskkurs og norsktrening**
Språkkafé i samarbeid mellom Salem Nærmiljøsenter og Salem misjonskirke ble lagt ned sommeren 2023. Tre norskkurs og Internasjonal samtalegruppe i samarbeid med KIA Vest for voksne innvandrere hadde totalt 180 deltakere fra 42 nasjoner. Frivillige lærere og hjelpelærere underviser.

**Praksisstudenter**
4 og 4 studenter fra sykepleiestudiet ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) hadde i to perioder praksis i tema Folkehelse i nasjonalt og globalt perspektiv. Studentene deltok i følgende oppgaver: Salem åpen barnehage, hjelpelærere på norskkurs, språkkafé, spisegruppe, følgetjeneste og som turvenner.

**Samarbeid med Salem misjonskirke (SMB)**
På diakonihelg i oktober, på gudstjenester lørdag og søndag, ble diakonal tjeneste løftet fram av to frivillige som er med i språkopplæringen i frivilligsentralen.
Frivilligfesten med jubileumsmarkering var et samarbeid mellom Misjonssambandet region vest, Salem misjonskirke og Salem Nærmiljøsenter.

SNS ønsker som en del av Misjonssambandet region vest og Salem misjonskirke å fremme bevissthet om diakoni. Gjennom dette arbeidet kan vi være Jesu hjerte og hender for Bergen by. Vi vil være en formidler og et møtepunkt der alle kan bidra og lære av hverandre, - i misjonen, men også utover.

Vi er takknemlige for flotte frivillige medarbeidere som legger ned en stor innsats! Vi ønsker at frivillige, deltakere og tjenestemottakere skal få oppleve glede, mening og trivsel gjennom arbeidet i Salem Nærmiljøsenter!

*Jorunn-Marie Haugstad*






# Arrangementsoversikt

## LYNGMO – www.lyngmoinfo.no

27.-30.05 Vi over 60
31.5-2.06 Ungdomsleir (8. kl-3.vgs)
07.-09.06 2.-4. klasseleir
14.-16.06 4.-7. klasseleir
02.-07.07 Bibelsommer i vest
20.-22.09 Kvinnehelg (Håpets kvinner, Norea, blir med)
27.-29.09 2.-4. klasseleir
10.-13.10 4.-7. klasseleir
01.-03.11 Barnas songleir
08.-10.11 Ungdomsleir
15.-17.11 Inspirasjonshelg for kvinner

## SKILBREI

04.05 Leirdag (førskole-1. kl)
24.-26.05 TABU (8. kl +)
31.-02.06 4.-7. klasseleir
14.-16.06 1.-4. klasseleir
31.8.-1.09 TABU (8. kl +)
18.-20.10 2.-4. klasseleir
13.-15.09 5.-7. klasseleir
22.-24.11 TABU (8.kl +)

## SÆTERVIKA – www.setervika.no

09.05 Leirdag (førskole-1. kl)
14.-16.06 Maksleir (2.-4. kl)
02.-05.08 Tweens Action-leir (5.-8. kl)
09.-11.08 Miksleir (3.-6. kl)
20.-22.09 Mannahelg
20.09 Sætervikabasar
27.-29.09 Maksleir (2.-4. kl)
11.-13.10 Tenleir (tenåringar)
25.-27.10 Tweensleir (5.-7. kl)
22.-24.11 Adventsleir 1 (familie)
29.11-1.12 Adventsleir 2 (familie)

## Ung:Disippel

30.5-2.6 (Sætervika)
20.-22.9 (Skilbrei)
08.-10.11 (Sætervika)
10.-12.01 (Sætervika)
25.-27.04 (Sætervika)

## Tabu (8. kl+)

24.-26.05 - Skilbrei
31.8-1.9 - Skilbrei
22.-24.11 - Skilbrei

## Innvik

28.-29.09 Bibelhelg i Fjordane
Preben Solvang m.fl

## Sommartreff (8. kl- 1.vgs)

21.-25.06. - Sygna (m/fellesreise)
nlm.no/sommertreff/sygna



Nyttige nettsider rundt fellesskapsarbeid:
https://nlm.no/arbeid-i-norge/dette-gjor-vi/fellesskap-og-menigheter/forside/







| | | |
|---|---|---|
| Ung:Konfirmant er et år der vi skal ta et dypdykk i Bibelen og bli kjent med Jesus! Ung:Konfirmant er Misjons-sambandet sitt konfirmasjons-opplegg i regionen, er fra 9. kl | Ung:Etterfølger er et år som handler om å være en etterfølger av Jesus, en disippel hos Jesus. | Ung:Leder er et rent lederutviklingsår, og det tredje og siste året i Ung:Disippel |







Misjonssambandet